

TIDSSKRIFT FOR KOMMUNISTISK TEORI OG DEBATT

TARIFFOPPGJØRET
OG KRISA

RØDE FANE



REVISJONISMEN I PORTUGAL

NR. 4. 1975. 4.årg. Pris kr. 8,—

UTGITT AV ARBEIDERENES KOMMUNISTPARTI (MARXIST-LENINISTENE)



UTGITT AV ARBEIDERNE KOMMUNISTPARTI (MARXIST-LENINISTENE)
RØDE FANE
TIDSSKRIFT FOR
KOMMUNISTISK TEORI OG DEBATT

Nr. 4, 1975, 4. årg. Pris kr. 8,-

Redaktør og ansvarlig utgiver: Knut Johansen
Adresse: RØDE FANE, Forlaget Oktober, boks 6875,
St. Olavs plass, Oslo 1

Postgiro: 2 20 84 78

Abonnement: 40 kr. for ett år (6 nr.). Løssalg kr. 8,-

Trykt i offset hos A/S Duplotrykk, 1975.

INNHALDSFORTEGNELSE:

TARIFFOPPGJERET OG KRISA

Tariffoppgjeret i ei krisetid legg
stort ansvar på kommunistane . s. 1

1. Bort med »heilage kyr» s. 2

2. Krisa skjerpar alle mot-
seiingar s. 6

3. Offensiven frå borgarskapet
må møtast med kvassare klasse-
kamp s. 12

Stalin om krisa og imperialismen . s. 15

FRAM FOR EIT KOMMUNISTISK FAGLEG PROGRAM

Gjer opp med revisjonismen! . s. 17

Utkastet bryt med partilina . . s. 19

NKP etter krigen – revisjonismen i høgsetet i den faglege politikken s. 25

Lenin om borgarlege arbeidarparti og opportunisten s. 29

INTERNASJONALT

Kva hender i Portugal (2)
Portugal sidan aprilkuppet – eit lærestykke om den moderne revisjonismen s. 40

1. Kvifor har revisjonistane vunne fram i MFA s. 41

2. Portugals »kommunistparti» – eit revisjonistparti som strir for makta! s. 47

3. PCP: Reaksjonær teori – reaksjonær praksis s. 50

4. Revisjonismen har mange støttepunkt s. 56

FOLKETS HISTORIE

Leve Henrik Wergelands minne! . s. 58

FOR EI RIKTIG LINJE I KVINNEKAMPEN

To linjer i kampen for kvinnearbeidsplassene s. 64

DOKUMENT

Møte mellom norske og islandske marxist-leninister s. 69

VÅR PRESSE

30-årsdagen for sigeren over Hitler-fascismen s. 73

Udviklingen i MLE og perspektiverne for det partiforbereidende arbeide s. 78

Tariffoppgjeret og krisa

Tariffoppgjer i ei krisetid legg stort ansvar på kommunistane

Tariffoppgjeret 1976 vert eit oppgjer i krisa sitt teikn. Det vert ei prøve på kor langt borgarskapet kan nå med å presse arbeidarklassen til kriseforlik. Det må samstundes bli ei prøve på kor langt dei som står for ei klassekampline kan nå for å vinne kamphugne arbeidarar mot knefall for borgarskapet når underkuinga kvessar seg til.

Tariffoppgjeret 1976 vil bli eit av dei viktigaste oppgjera etter krigen. Grunnen er at det kjem i ein situasjon med økonomisk krise og aukande arbeidsløyse i Noreg. Denne krisa kjem samstundes med same slag kriser i alle andre vestlege land. Som vi skal syne her, er denne krisa varselet om at den langvarige relative stabiliteten i økonomien i vesten etter krigen er slutt. Samstundes varslar ho om at vi går inn i ei tid som vil verte merka av harde og langvarige depresjonar, aukande politiske kriser i alle imperialistiske land, skjerpa underkuing av dei som står for ei kampline i arbeidarrørsla, skjerpa motseiingar mellom dei to imperialistiske supermaktene, aukande krigsførebuingar, store endringar i dei tidlegare koloniområda i den tredje verda.

1. Bort med «heilage kyr»

Vi kommunistar strir for å vinne førarskapen over arbeidarklassen i Noreg. Målet vårt i denne kampen er å velte det monopolkapitalistiske klassesdiktaturet gjennom ein sosialistisk revolusjon, innføra proletardiktaturet og gå vidare med det klasselause samfunnet, kommunismen, som mål.

For å gjere dette, må vi til alle tider gå i brodden for klassen og nytte alle høve til å berrleggje det verkelege innhaldet i imperialismen. Vi må vere dei første til å seie frå kva som er særkjennet ved stoda i vårt eige land og i verda som heilskap til ei kvar tid. Vi må arbeide for at kampen arbeidarklassen fører vert medvete retta inn etter dei tilhøva som verkeleg rår. Målet er heile tida å syte for at klassen meir og meir vert i stand til å meistre nye tilhøve når dei kjem. Berre slik kan arbeidarklassen til slutt vinne initiativet i kampen mot imperialismen ute og heime, og utnyttje alle vanskar imperialismen kjem opp i til bate for seg sjølve.

Nett no held AKP(m-l) på å drive valkamp i Raud Valallianse saman med uavhengige sosialistar. Vi har lagt vekt på å syne at ein revolusjonær valkamp må gjere opp med alle «heilage kyr». Med «heilage kyr» meiner vi alle dei avgrensingane og innsnevringane som monopolborgarskapet vil tvinge på arbeidarane i den politiske kampen. Til skilnad frå det skinnradikale borgarlege arbeidarpartiet SV, og til skilnad frå det NKP har stått

for i heile etterkrigstida, har vi freista å knesetje prinsippet om at det er *vi sjølve* som skal avgjere kva som er viktig og uviktig, kva som høyrer med, i ein valkamp.

Heilt sidan Raud Valallianse vart skipa i vår, har vi lagt vekt på å halde det endelege *målet* for kampen fram i propagandaen – *revolusjonen og proletardiktaturet*.

Vi har understreka at arbeidarklassen må lære å kjenne, *lære å avsløre DNA og SV*. Dei set «sosialistisk» og «arbeidar» framfor namnet sitt, men like fullt har dei som mål å tene kapitalismen og gjere absolutt *alt* for å berge han.

Attåt har vi ført ut analysar av korleis *stoda i verda* utviklar seg. Vi har mana til strid mot både dei imperialistiske supermaktene *USA og Sovjet*, og sett lyset på at striden mellom dei driv verda mot ein ny krig.

Dette har ingenting med kommunepolitikk å gjere, seier opportunistane og revisjonistane. Nei, det er rett. Vi vil ikkje ha noko å gjere med «kommunepolitikken» til borgarskapet. Vi vil ikkje vere med på å styrke dei mest tilatterskomne ideane i klassen i ein slik valkampanje. Vi vil tvert om arbeide for å styrke og utvide den lengstkomne tredelen i klassen, både politisk og organisatorisk. *Vi vil vinne mange nye til dei fremste leda i kampen for å gjere ende på underkuinga og lønnetrældomen.*

KAMPEN FOR FEMØRINGEN

Den politikken vi vil drive, må vi avgjere etter kva som er dei verkelege interessene åt folket. Utan å leggja vekt på dei grunnleggjande sakene, er det lite vi kan yte for å reise klassen til kamp for sine krav i dag og. Borgarskapet vil ha folk til å tru på mirakel. Dei freistar å få folk til å tru at vanskar som kjem er av stuttvarig art og kan overvinnast med god vilje og innsats frå alle klassar i samfunnet. Dei vil få folk til å tru at *kapitalis-*

men kan by folket demokrati, trygge levekår og fred som hovudregel. *Ein klasse der tilmed mange av dei lengstkomne er under makta til slike idear, han kan ikkje makte å føre ein hard og kompromisslaus strid for å verne om interessene sine under vekslende vilkår.*

Dette vil ikkje seie at vi kommunistar hevar oss skyhøgt over dei daglege plagene arbeidarklassen har av det monopol-kapitalistiske diktaturet. Tvert om er vi dei første til å arbeide for å samle så



**RØD
VALGALLIANSE**
av AKP(m-l) og uavhengige sosialister

**DEN TREDJE
VERDEN MOT
SUPER-
MAKTENE
USA OG
SOVJET**



**SIGER I
FOLKE-
KRIGEN**

• Folkene i Indo-Kina har ført frigjøringskrigen mot USA-imperialismen og deres lokale quidlinger fram til seier. Fattige bønder og arbeidere har ikke bare stått imot, men regelrett nedkjempet supermakta USA's krigsmaskin.

• Vietnam, Kambodja og Laos er enestående som inspirasjonskilder. Men de er ikke enkeltstående. Tvertimot representerer de en hovedtendens i verden i dag: De fattige og undertrykte folkene stadig hardere kamp mot supermaktene og mot all imperialismen.

• Palestina og Midt-Osten er et annet brennpunkt for denne kampen. I Afrika har Portugal tapt sine gamle kolonier. De rasistiske hærkerne i Sør-Afrika og Rhodesia (Zimbabwe) slås med ryggen mot vegg.

• Kampen tar mange former. Trass i ulike samfunnsystemer, går de råvareproduserende land sammen for å ivareta felles interesser etter århundrers utplyndring. De oljeeksporterende landenes organisasjon OPEC er eksempel på dette.

RØD VALGALLIANSES LINJE – ET OPPGJØR MED HELLIGE KYR!

»Det er borgerne og 'arbeider'-lederne i DNA og LO-toppen som sier at arbeidsfolk ikke er 'interessert' i internasjonal solidaritet, og at det slett ikke har noe i et kommunevalg å gjøre. Men vanlige folk er interessert i mer enn smør på brødskiva. La ikke borgerne og pampene framstille sine egne slette egenskaper og snevre interesser som arbeidsfolks!» (Fra Oktober-heftet ARBEIDERKLASSEN OG VALGENE 1975.) Rød Valgallianse holdt seg til dette synet, og ga bl.a. ut den avisa vi har klipt fra her.

mange som råd er til strid for betringar., til bate for folket i stort og smått.


Vi skyr ikkje »femøres-kravet» eller spørsmålet om »tevatnet». (Det siste var noko Lenin nemnde til arbeidarar på ein stad som ikkje visste om noko å reise kamp for. Det er alltid noko å reise strid for, sa Lenin. Klagar ikkje arbeidarane på tevatnet, om ikkje anna. Reis kampen der!) Slike ting er det tvert om dei borgarlege reformistane som går utanom. Sjå berre på Portugal i dag. Der gjer revisjonistane store nummer av kvar reform *borgarskapet* gjennomfører for å modernisere kapitalismen. Dei freistar å tvinge arbeidarklassen og organisasjonane hans til å bli eit reint haleheng for slik borgarleg politikk.

På den andre sida manar revisjonistane til tolsemnd og ro i alle spørsmål som *verkeleg* har med levekåra og dei nære interessene til kvar arbeidande kvinne og mann. Dei går endåtil i brodden for å køyve slik kamp med diktatur-metodar der dei har høve til det.

STRID MELLOM TO LINER I ALLE KAMPAR

Men i kampen for femøringen og tevatnet må vi alltid syte for at dei som strir lærer kven som er å lite på og kva for »leiarar» dei må sky som ein pest. Og vi må sorgje for at folk lærer seg å sjå kvar strid som eit lite slag, ei prøve, i ein større kamp.

Vi må sjå at borgarskapet og deira målsmenn i arbeidarrørsla har ein svært høgt utvikla, svært tøyelig taktikk for å få klassen inn under »borgerskapets vinger» (Lenin) same kva slag situasjon som utviklar seg. »Derfor,» seier Lenin, »består vår oppgåve, sosialdemokratiets oppgåve, i kamp mot spontaniteten, den består i å dra arbeiderbevegelsen bort fra denne trade-unionismens spontane trang til å komme



STUDER POLITISK ØKONOMI!

Forlaget Oktober har nettopp gitt ut denne Læreboka i Politisk Økonomi. Boka blei skrevet i Sovjet i begynnelsen av 50-åra. Det var Stalin som tok initiativet til boka og vegledet arbeidet med den. Læreboka er skrevet for at arbeidere og revolusjonære skal kunne lese og studere den. Bruk den flittig i den tida vi er inne i nå. (Pris 39,50. Til salgs i Oktoberbokhandlene og andre bokhandler.)

under borgerskapets vinger og dra den inn under det revolusjonære sosialdemokratiets vinger.» (Hva må gjøres, Elan-utg. s. 47)

Dette krev ein minst like hardnakka strid mot »heilage kyr» i fagrørsla og i dagskampen elles, som i ein kamp av den typen Raud Valallianse har ført framfor kommune- og fylkestingsvalet denne våren og sommaren.

Særskilt gjeld dette i samband med tariffoppgjerstriden, som går for seg frå no og fram til mai neste år. Vi kommunistar og alle andre revolusjonære arbeidarar må ikkje la oss tvinge til å gå med på å føre tariffstrid berre innanfor dei snevre rammene borgarskapet og dei borgarlege

fagforeiningsleiarane av alle nyansar vil ha dei inn i. *Vi må føre kamp på mange frontar på same tid, etter mønster av valkampen. Vi må ikkje la noko høve gå frå oss til å få sagt frå til folk kva slag tid vi er inne i, kva denne tida fortel om hele den epoken vi slåst i, kva oppgåver vi må bu oss på no og i åra frametter.*



BARE EN SOSIALISTISK REVOLUSJON KAN GJØRE ENDE PÅ KRISENE.

»Det såkalte forbrukersamfunnet, så oppskrytt og lovprist av borgerskapet som 'framtidens samfunn', er ikke annet enn et råttent nedadgående samfunn som for hver dag blottlegger kapitalismens gamle evigvarende sår som borgerskapet søker å holde skjult.» – Slik oppsummerte partiformannen i Albania, Enver Hoxha, utviklinga av krise i den kapitalistiske verden. (Talen til velgerne 3. oktober 1974) »Slikt vil aldri skje hos oss,» la han til.

PLAKATEN (laget av kunstneren Safo Marko) framstiller de trygge forholda folket i Albania nyter godt av, under vern av arbeiderklassens egen væpna stat, proletariatets diktatur.

2. Krisa skjerpar alle motseiingar

I denne artikkelen skal vi berre freiste å nærme oss nokre få punkt som vi må halde fast på i kampen framover. Vi kjem med meir stoff om krisa i nummera framover, og vil og freiste å tene striden med tariffoppgjeret på andre vis.

»OPTIMISTAR» OG »PESSIMISTAR»

Den krisa den vestlege kapitalismen er oppe i i dag føder ein straum av motstridande kommentarar frå borgarlege ekspertar. Somme seier at krisa ikkje er mykje å uroe seg over, i sær ikkje i Noreg. Ho er ein stuttvarig lågkonjunktur. Snart vil alt vende seg til oppgang og gode tider mange år framover. Samfunnet har rådgjerder å setje inn som kan gjere oss i stand til å ri bølga av. Kapitalismen er sunn i botnen, og har vore ute i langt større vanskar enn dette, utan å tippe over.

Andre seier at krisa varslar hardare tider mange år framover, og at vi står framfor ein depresjon som vil bli like hard som nedgangstidene i mellomkrigsåra. Dei plar og yle om at dette vil verte ei hard prøve for sjølve det vestlege demokratiet. Det vil bli truga både frå høgre og venstre, seier dei.

Både dei optimistiske og dei pessimistiske kommentarane vil det kome til å bli overflod av i tida framover. Borgarskapet må leggje opp til ein dobbelttaktikk i propagandastriden i ei stode som den vi er

oppe i. Dels er det om å gjere å skape uro og angst for framtida mellom folk. Dels er det viktig at dei får ei slag kjensle av tryggleik like fullt oppi all uroa. Begge delar skal tene til å gjere folk mogne for å gå med på alle slag tiltak for å berge »heile samfunnet» gjennom vanskane.

Dei motstridane kommentarane er samstundes uttrykk for verkelege motseiingar. Det gjeld både motseiingar i sjølve utviklinga, motseiingar mellom dei ulike stridande gruppene i borgarskapet sjølv og mellom dei ulike imperialistiske landa. Dette er det avgjerande at vi får eit godt grep om sjølve. Vi kan ikkje nøye oss med å gje att analysane til den eine eller den andre borgarlege kommentatoren. Vi må sjølve kjempe oss til eit godt grep om kva den marxistiske teorien seier om krisene i imperialismen. Vi må sjølv utvikle ein betre og betre analyse av kva som skjer i vårt eige land og heile verda i den epoken vi er inne i. Og vi må sjølv utvikle ein politikk og ein taktikk som gjer at borgarskapet mislukkast meir og meir med å få arbeidsfolk til å bøye nakken og lite på staten, kapitalistane og dei borgarlege »arbeidarleiarane».

KVA ER KRISA?

Eit av dei to siste nummera våre i år vil ta opp marxist-leninistane sitt syn på den ålmenne krisa i imperialismen, den aktuelle krisa som er under oppsegling no, og

kampen som må reisast i arbeidarklassen under desse vilkåra. Tariffoppgjeret startar likevel no. Vi har difor funne det rett å leggje fram somme førebels punkt alt no. Vi ber dykk ta dei som ei oppmoding til å studere desse tinga på eiga hand framover, og følgje nøye med i det Klassekampen legg fram av materiale. Samstundes meiner vi at hovudpunkta i analysen vår bør leggjast fram for så mange som råd er omkring på arbeidsplassane alt no, sjølv om mykje enno er uferdig!

1. Krisa er ei syklisk krise, og vil bli avløyst av ein ny oppgang etter ei tid.

Den krisa vi er oppe i no er *ei syklisk krise* i kapitalismen. Slike kriser kjem med regelbundne mellomrom. Dei er overproduksjonskriser som følgjer av ein høgkonjunktur. Under høgkonjunktoren strøymar investeringane til dei bransjane som gjev høgst profitt. Etter ei viss tid blir produksjonen i desse bransjane større enn det marknaden kan ta imot. Difor søkk profitten. Monopola går til innskrenkingar i produksjonen, og freistar å overføre kapitalen til nye bransjar som kastar meir av seg. Dette følgjer av sjølve dei lovene som styrer den kapitalistiske produksjonsmåten. Slik sett har dei som snakkar om at »samfunnet» vil kunne ri stormen av »rett».

Samstundes er ikkje dette heile forklaringa. Det er dei som meiner det – borgarlege, sosialdemokratiske og revisjonistiske økonomar. Dei meiner difor at det heile kan løysast ved at staten grip inn og regulerer marknaden ved ulike typar tiltak. Det er mykje reaksjonært tøv ute og går her. Først og fremst får dette uttrykk i at ein rett regjeringspolitikk kan løyse problema, og at det avgjerande difor er å få valt ei »arbeidarregjering» med kloke folk og »politisk vilje» til å ta fullnøyande tiltak. Dette står SV (både

Gustavsen og NKP-leiarane!) for like mykje som DNA, og har programfest det i programmet sitt.

For å møte denne borgarlege lina, er det overlag viktig å peike på *klassekarakteren* ved alle regjeringar under borgardiktaturet. Attåt er det viktig at vi studerer og propaganderer korrekt marxistisk politisk økonomi, i sær det som har med sambandet mellom krisa og den fallande profittraten å gjere. *Her vil Oktober-utgåva av Lærebok i Politisk Økonomi som Stalin vegleide før han døydde vere til stor nytte.* (Ho er alt komen ut når dette nummeret er trykt.)

2. Krisa er ein del av den ålmenne krisa i imperialismen.

Lenin seier at imperialismen er **rotnande, kapitalisme, døyande kapitalisme og det høgste steget i kapitalismen**, tidebolen for overgangen til sosialismen. Fram til hundreårsskiftet og det første tiåret i vårt hundreår hadde kapitalismen »frie hender». Det var han som gjorde steg framover. Frå den '1. verdenskrigen og Oktober-revolusjonen er denne epoken slutt. Den imperialistiske kroppen mista sin første lem med den proletariske revolusjonen i Russland i 1917. Sidan då har han fått sin handlefridom innskrenka steg for steg fram til dagens hendingar, signere for revolusjonen i Indokina. Det innskrenka råderomet skjerpar alle motseiingane i dei imperialistiske statane og mellom dei, og gjer det vanskelegare og vanskelegare for monopola å ri over bølgiene av dei krisene som stadig vender att. Difor har dei rett som seier at krisa varslar ei hard prøvetid for »det vestlege demokratiet».

For oss vil dette først og fremst seie at vi må leggje mykje arbeid i å studere og propagandere kjenneteikna ved imperialismen som det siste steget i imperialismen, og gjere oss sjølve og arbeidskame-

ratane våre godt kjente med korleis stoda i verda utviklar seg.

3. Krisa er ein kamp mellom monopola

I boka Imperialismen og mange andre stader har Lenin understreka at det ikkje finst og ikkje kan finnast noka *samling* av all finanskapital i eit land eller i fleire land, noko »super-monopol». Tvert om følgjer det av imperialismen at det går for seg ein stadig hardare kamp mellom dei store monopola og mellom alle gruppene i borgarskapet. Kampen går om å vinne overmakta over kvarandre og utnytte den *ujamne utviklinga* til bate for seg og til ulempe for andre.

Når vi seier at ei lita gruppe monopol dominerer økonomien i Noreg, meiner vi at denne dominansen er bygt på styrke hos dei store, veikskap hos dei mindre, og at han er bygt på *kamp*. Denne kampen står og mellom dei største og domine-

rante monopola sjølve. (Sjå Røde Fane nr. 3/73, Monopolkapitalen i Norge.)

I ei krise som den vi er oppe i no, vil dei som har overtaket freiste å utnytte stoda så langt som råd er for å få pressa gjennom tiltak det elles kunne vere hardt å få gjennom i opinionen. Nedlegging, kapitaloverføring frå visse bransjar til andre, strukturrasjonalisering osv. vert drive gjennom gjerne utover det ein kunne vente som følge av sjølve den aktuelle krisa. Det er overlag viktig å vere merksam på dette, for ikkje å gå ut med parolar som rett og slett berre stør det eine mono-polet mot det andre, og alle monopola mot den mellomstore kapitalen. (Døme her er det nok av. Vi skal nøye oss med å be dykk tygge på den sosialimperialistiske parola (i Lenins tyding av ordet) i Friheten 27/75: »Framfor milliardar til skipsrederne: OPPRETT

AKSJESELSKAPER ELLER STATSDRIFT – LIKE MYE KAPITALISME.

I brosjyra »Sosialismens utvikling fra utopi til vitenskap» påviste Engels nødvendigheten av at »staten, det kapitalistiske samfunns offisielle representant, til sist blir nødt til å overta ledelsen av produksjonen». Han påpekte samtidig at dette like lite som forvandlingen til aksjeselskaper og truster opphever produktivkreftens kapitalkarakter. »Jo flere produktivkrefter som går over i dens besittelse, desto mer blir den overkapitalist, desto flere statsborgere utbytter den. Arbeiderne fortsetter å være lønnsarbeidere, proletarer. Kapitalforholdet oppheves ikke, det blir tvert om satt på spissen.»

BILDET: En tegning av belgieren Masereel med tittelen »Anonyme selskaper», den franske betegnelsen på aksjeselskaper.



STATSREDERI!» Elles syner vi til det Klassekampen har skrive om Akerkonsernet og Nyland Vest i Oslo, som dei tenkjer å leggje ned i «krisa sitt teikn».)

I sær skal vi merke oss at dei største monopola i alle imperialistiske land i dag er kome så langt i utviklinga at dei held på å fullføre kampen om å leggje staten heilt under seg. Dette gjeld stormonopola samla, mot dei øvrige delane av kapitalen, og det gjeld og det eine monopolet mot det andre. *Statsmonopolkapitalismen* i si høgste form er fullføringa av den kapitalistiske utviklinga i imperialismen, og er ei enorm styrking av det borgarlege diktaturet.

Denne kampen for makt over staten vert skjerpa i ei krisetid. Det er svært avgjerande at arbeidarklassen og kommunistane lærer seg å sjå dette i rett lys. Alle borgarlege arbeidarparti har spesialisert seg på å gje denne striden eit «demokratisk» skin. Det trengst mykje studium og mykje propaganda for å få brote med dette. Det er viktig at vi freistar å kome så langt som råd med dette snøgt. (Engels gjev ein god samanfatning av dette i boka «Sosialismen frå utopi til vitskap», Ny Dag-utgave på norsk.)

4. Krisa tyder fascisme.

I dette nummeret av Røde Fane prentar vi nokre utsnitt frå Meldinga Stalin la fram om arbeidet til Sentralkomiteen på SUKP(b)s 17. partikongress i 1934. Der seier han mellom anna at krisa den gongen «har løyst opp dei tradisjonelle sambanda mellom kvart land og mellom dei ulike samfunnsgruppene i kvart land.» Han synta alt då at denne oppløysinga på område førte verda mot krig, og førte fram fascismen som erstatning for borgarleg-demokratiet i land etter land.

Før det første: Kva vil det seie at ei krise i vårt land vil løyse opp dei tradisjo-

nelle sambanda mellom samfunnsgruppene?

Dei tradisjonelle sambanda mellom samfunnsgruppene er borgarleg-demokrati i politikk og classesamarbeid i fagrørsla. I ei tid med stendig kvassare og djupare kriser kan ikkje dette verte ståande. Borgarskapet vil freiste å halde sambanda innanfor desse grensene så lenge det er tenleg. Men samstundes vil dei ta i bruk fleire og fleire metodar som bryt med desse rammene. Oppseiingane av progressive den siste tida, den noggranne politiske saumfaringa av folk som søker seg jobb både i stat og privat næringsliv, tilkveisinga i propagandaen mot kommunistane, arbeidet for å skipe eit nytt nazistisk parti i Noreg osv., alt dette er tiltak retta mot styrkinga av den revolusjonære rørsla i Noreg. Men det er og opptaket til ein større offensiv for å tillempe ein *hardare taktikk* i underkuinga av arbeidsfolk i det heile. Borgarskapet har og augo å sjå med, og veit vel så godt som vanelege opplyste arbeidarar kva vi kan vente av tilhøva i åra framover.

Før oss vil dette seie at vi må studere sambandet mellom fascisme og krise nøye. Det står meir om dette i den Stalin-talen vi prentar utsnitt av her som vi vil oppmode folk til å lese. Samstundes er det av stor vekt at vi arbeider for at arbeidskameratane våre skal sjå åtaka mot revolusjonære og framveksten av nyfascismen i dette lyset. Først når vi greier dette, er det verkeleg råd å mobilisere eit skikkeleg forsvar mot slikt i dag.

Dette er det eine. Det andre er dette: Borgarskapet bur seg på tiltak dei må ta når dei tradisjonelle sambanda mellom klassane vert oppløyste av sjølve samfunnstilhøva. Arbeidarklassen må bu seg minst like godt. Det viktigaste her er å bryte med *legalismen* i oss sjølve og i dei lengstkomne delane av klassen.



TEGNINGEN: Illegal agitasjon for streik i Tsar-Russland. Russisk tegning fra 1920.

TVERS IGJENNOM LOV TIL SEIER!

I det tsaristiske Russland, før Oktober-revolusjonen, måtte arbeidere lære seg å trosse truslene fra undertrykkernes hær og politi for å kunne forsvare sine interesser. I et land som Norge i dag, der utbyrterne holder diktaturet sitt oppe i borgerlig-demokratiske former, er arbeidernes faglige tillitsmenn bundet av lover og avtaler til sjøl å opptre som politi og ordensvern for borgerskapet. Disse avtalene er det ikke arbeiderne som har laga. De er laga av borgerskapet og deres klassefeller i arbeiderbevegelsen – DNA og LO-toppen – i fellesskap. Arbeiderklassen kan bare få framgang om stadig flere lærer å se klassekarakteren ved avtalene og dem som verner om dem.

Dette krev propaganda om at det er uråd å drive ein framgangsrik kamp – både i dag og under hardare vilkår – om ein bøyer seg for alt som finst av sedvanar, reglement, reguleringar, avtaleverk, rutiner osv. som borgarskapet i og utafør fagørsla har tvinga på dei fagorganiserte.

TVERS IGJENNOM LOV TIL SEIER, som Rudolf Nilsen summerte opp etter bygningsarbeidarstreika mot tvungen skilddom (valdgift) i 1928, det må bli rettesnora for kampviljuge arbeidarar. *Det er det ikkje i dag, sjølv om det finst fleire gode einsskilde døme på at folk har våga*

seg på denne vegen. Den konsekvente kampen mot alle opportunistiske straumdrag i arbeidarrørsla er nøkkelleddet her. (Her er synspunkta Lenin legg fram i artikkelen »Imperialismen og kløyvinga i sosialismen» svært nødvendige for oss i dag. Sjå utdraget annan stad i dette nummeret.)

5. Krisa skjerpar kampen mellom imperialismaktene og aukar krigsfären sterkt.

Dei mest »pessimistiske» kommentarane om krisa i dag seier at vi kan bli velta ut i

ein nedgang av same omfanget som depresjonen i *mellomkrigstida*.

Her skal vi hugse på ein ting: Då denne depresjonen fann stad, vart han kalla ein *etterkrigsdepresjon*. Men kommunistane peika heilt rett på at depresjonen kvessa til motseiingane mellom England/Frankrike og Tyskland til det ytste, og at følgjen av denne rivaliseringa ville bli krig, og *måtte* bli det.

Det er heilt nødvendig for oss å sjå at det er den same typen faktorar som er ute og går i dag. Stoda i verda er den at to supermakter rivaliserer skarpt om herredømet i verda. Av dei to er den eine i ferd med å gå til atters – USA. USA er plaga av større og større vanskar ute og heime. Frigeringsrørslene i den tredje verda og striden for større økonomisk sjølvstende i dei landa som er blitt frie statar dei siste 20–30-åra har hatt kolossal framgang den siste tida. Dette har bunde hendene til USA-imperialismen svært mykje. Ved avslutninga av 2. verdskrigen skaffa USA seg også total kontroll med økonomien i dei tidlegare imperialistiske stormaktene (Frankrike, England, (Vest)Tyskland, Japan, Italia osv.) Dei lyder heller ikkje USA sine bod lenger i eitt og alt. Det er nok av teikn på at dei freistar å ta ein sjølvstendig kurs på tvers av ynskja til USA i mangt (t.d. i samband med valuta-krisene, oljekrisa, handelssambandet med den 3. verda osv.).

Det er likevel slett ikkje slik at landa i Vest-Europa utgjer nokon førsterangs rival mot USA i dag. Sjølv dei største av dei spelar i dag ikkje større rolle i verdspolitikken enn små imperialismakter som Belgia eller Nederland gjorde før 2. verdskrigen. Den førsterangs rivalen er den nye imperialismakta Sovjet. Ho har no vakse seg så sterk at ho for lengst har teke opp konkurransen på like fot med USA. Og ho har det kjenneteiknet som

Tyskland hadde før 1. og andre verdskrigen: Ho er ei *snøgt oppstigande* supermakt i tevling med ei supermakt på nedgang.

På den 4. nasjonale folkekongressen i Kina i januar i år sa Chou En-lai dette:

»De to supermaktene, De forente stater og Sovjetunionen, er de største internasjonale undertrykkerne og utbytterne i dag, og de er kilden til en ny verdenskrig. Den ville kappestriden deres er nødt til å føre til verdenskrig en dag. Folket i alle land må forberede seg. Det snakkes om avspenning og fred over alt i verden; det er nettopp dette som viser at det ikke finnes noen avspenning, for ikke å snakke om varig fred i verden. For tiden øker både faktorene for revolusjon og krig.» (Folkepublikken Kinas Fjerde nasjonale folkekongress, Oktober forlag 1975, s. 38–39).

Dette perspektivet er vi nøydde til å få klårt for oss. Vilkåret for å skjønne ålvoret i det, er å gjere seg godt kjent med sambandet mellom imperialismen og krig, verdskrig. Her er det mykje å hente i Lenin sine artiklar om krig og fred, t.d. det utvalet som finst på engelsk under tittelen «Lenin on War and Peace», Peking 1966, også ein rad viktige avsnitt i Lenins bok «Imperialismen». Vi må vite at den borgarlege pasifismen har overtaket i medvitet hos folk, og at det står att eit stort arbeid for å syte for at arbeidsfolk vert budde i god tid på krigen når han kjem.

I dette perspektivet er det særskilt viktig at vi greier å sjå manøvrane Sovjet driv i Vest-Europa i det rette lyset, og driv aktivt propagandaarbeid om dette. *No då alle vestlege imperialismakter er ute i hardt ver i økonomien, driv Sovjet ein stor aktivitet for å utnytte dette til å trenge inn i økonomien i desse landa med sin kapital.* Det er dette som kjem fram i

dei store kontraktene finske skipsvervar har fått med Sovjet. Det er same leiken når portugisiske skipsvervar skal levere 70 skip til Polen dei nærmaste åra. Det er same leiken og når statsråd Ulveset vitja Sovjet i sommar for å sjå på tilboda om industrisamarbeid mellom Sovjet og

norske verksemdar som Elkem-Spigerverket og Aker.

Alt dette er ein »fredelig politikk» frå Sovjet si side som *førebud* ein krigspolitikk i same området når tida er mogen. Vi må avsløre dette aktivt som det det er!

3. Offensiven frå borgarskapet må møtast med kvassare klassekamp

For borgarskapet vert dette lønsoppgjeret ei prøve på kor sterkt dei står i fagrørsla og kva middel som er gode nok til å tryggje at classesamarbeidslokket vert sitjande fast i ei krisetid. Det første dei vil gjere er å nytte sine folk i fagrørsla til å truge folk til å stille smålåtne krav, suge pålabben heller enn å »velte landet ut i ei endå større krise». Det andre dei vil gjere er å freiste å kløyve dei arbeidarane som står for ei klassekampline frå resten, og isolere det som måtte finst av kampleiing frå arbeidarane.

Svaret på det siste er ikkje å gå stille i dørene. NKP freista det til overmål i etterkrigstida. Det var revisjonistar i leiinga som Furubotn og Løvlien som leidde an i dette. Kva slags politikk det vart av dette, går fram av den samanfatinga vi har på annan stad i bladet om NKP i Arbeidsmandsforbundet og Bygning frå 1945 til 1968. Vi må lære av dette

negative eksemplet, og i staden vere tidleg ute med å føre ut så mykje som råd er av politikken vår over alt der vi har høve til det, og i sær i samband med kampen sjølve.

Det andre må vi møte med kvasse argument. Klassekampen 23/75 (18.–24. juni) hadde ein god artikkel om dette. Ta han fram på nytt no. »Møt krisa med harde lønnskrav», heitte han, og stod på s. 8. Konklusjonen der er:

»Den eneste riktige linja er å ta ut maksimalt av hva det er mulig å kjempe seg til i oppgjøret, og samtidig stille krav om vern mot arbeidsløshet, høyere arbeidsløsetrygd osv.»

KVA ER EIT GODT OPPGJER?

I same artikkelen i Klassekampen stod det og dette:

»Men en arbeiderklasse som har levd i 30 år under classesamarbeidets tegn, kan

ikke bli upåvirka av slik ideologi. Derfor har mange arbeidsfolk lett for å gå på bløffen om at de må stille 'ansvarlige' krav. Ved hjelp av sosialdemokratiet og revisjonismen har monopolborgerskapet midlertidig svekka klassens evne til å føre kamp, og spredd illusjoner om at staten vil løse problemene som oppstår. De siste åra har betydd harde slag mot disse tilbakeliggende ideene, men de finnes fortsatt, og de vil gi seg utslag i årets tariffoppgjør i form av at en del folk blir skremt til ikke å stille skikkelige krav. Slike tilbakeliggende ideer i klassen er det de klassebevisste arbeidernes oppgave å overvinne gjennom diskusjon og overbevisning.

Det er derfor særlig viktig at denne diskusjonen blir ført på arbeidsplassene, og at klubber og foreninger i størst mulig grad kommer fram til ei kamplinje foran oppjøret.»

Det er viktig å bite seg merke i at stoda er nettopp slik. Det er ikkje råd å vinne nokon foreining eller klubb for ei kampline utan hard strid mot gamal klasse-samarbeidsånd. Dette gjeld og i foreiningar som har vist seg å vere kampviljuge dei siste åra. Hugs på at stoda har skifta mykje, og at dette er det første oppgjeret på lenge der borgarskapet verkeleg kastar fram det dei har på lager av slavebindande kriseforlikspropaganda.

Marxist-leninistane har hatt framgang i fagrørsla dei siste åra. Klassemedvetet har auka mellom mange andre og, som ikkje har vore i beinveges kontakt med oss. Men like fullt er det dei borgarlege arbeidarførarane som har makta i fagrørsla frå topp til botn *om vi ser det i masseperspektiv*. Like fullt finst det kampvilje mange stader. *På det nivået klassekampen er utvikla på i Noreg i dag, er det viktig å sjå at markert motstand frå relativt få foreiningar og klubbar totalt*

sett er eit viktig slag mot borgarskapet i ei krisetid. Det vil syne at dei kreftene som står for klassekamp i fagrørsla er så mykje i vekst at dei og kan ha framgang og gjennomslag i ei tid borgarskapet treng større styrke i classesamarbeidet! Høge krav frå relativt mange foreiningar, kvasse politiske kampar om kva slag line arbeidarane skal følgje under dei vilkåre som veks fram no, kampar på tvers av LODiktat somme plassar, alt dette vil vere verkeleg gode resultat som kan vere med på å bygge opp større styrke i åra frametter.

Om det skal bli slike resultat eller ikkje, det vert avgjort av dei revolusjonære i fagrørsla, i sær av arbeidet marxist-leninistane gjer. Som vi alt har sagt, krev dette medvete oppgjer med »heilage kyr». All rutinetenking må bort. Politikken må inn i kampen om tariffoppgjeret på mange frontar samstundes.

I sær krav dette at vi ser arbeidet blant *massane* på arbeidsplassane som det viktigaste, det grunnleggjande. Arbeidet i samband med styremøte, tariffkonferansar, medlemsmøte i klubbar og fagforeiningar osb. kan vere viktig nok. Men stordelen av arbeidarane møter vi ikkje her. Skal vi nå fleirtalet, må vi arbeide med dei der dei er, på jobben.

Om vi greier å utvikle arbeidet på dette feltet, er prøva på om vi gjer ein innsats som revolusjonære eller ikkje. Det einaste reformistar og revisjonistar vil ha massen av arbeidarar til å gjere med tariffoppgjeret, er å røyste *for* dei framlegga pampane har avtala med arbeidskjøparar og stat. **«I vår tidsalder går det ikkje utan valg»,** seier Lenin i **«Imperialismen og kløyvinga i sosialismen»**. Det er naudsynt å få arbeidarane sjølve til å **«velje»**, avgje røyst, om kven som skal underkue dei. Og det er like naudsynt å få dei til å røyste for vilkåra for si eiga utbytting.

Vi må svare på dette ved å agitere for at massane reiser sine egne krav for prisen på arbeidskrafta si, og står på desse krava same kva som vert utfallet av tariffskodespelet. Desse krava må dei føle seg bundne av, ikkje dei resultatata som vert vedtekte av NAF og LO saman.

Dette vil og seie at vi må agitere for at folk driv fram lønskampen og kampen for interessene sine elles utan å kjenne seg bundne av dei tidspunkta og dei rammene borgarskapet set for når det er tillate. Ein tariffavtale er ein avtale mellom utbyttar og utbyttta. Vi skal aldri tillate borgarskapet å bryte ein slik avtale når det strir

mot arbeidarinteressene. Men det finst ingen likskap mellom utbyttar og utbyttta. Under borgardiktaturet har utbyttarane retten på si side. Dette er nedfelt i lovene for arbeidslivet og i Hovudavtalen, slik at alle skal kunne sjå det! *Arbeidarklassen må vite å ta sin eigen rett i si eiga hand, og lære seg å bryte alle slike avtalar med kamp når dei finn dette turvande.*

Dei som er komne langt nok til å sjå dette, har plikt på seg til å arbeide for slike kampar, same om dei er vanlege arbeidarar eller valde tillitsmenn.

O.F. august 1975

**tariff-
oppgjøret 76
og krisa**

Frå Klassekampen 35/75.

Fasene i tariffoppgjøret

Eit tariff-oppgjør kan grovt delast opp i fire faser. Lengda av fasene kan variere frå forbund til forbund, men følger i hovudsaka det same skjemaet.

Fase 1: Innlevering av krav frå klubbar og foreningar. Den første fristen for innlevering til forbundet er 19. september for Jern og Metall. For dei fleste forbunda er fristene ut i løpet av oktober/november.

Fase 2: Tida frå forslag er sendt til forbunda og fram til forhandlingane tek til. Varer fram til ein gong i januar. Dette er vanlegvis ein periode då det er heilt stilt om oppgjøret, medan forbundstoppene, LO-toppen og stat og monopolkapital i røynsla legg opp krava og taktikken bak stengde dører. Formen opp-

gjøret skal få (forbundsvist/sentralt) vert fastlagt i denne perioden. Vanlegvis held LO representantskapsmøte i samband med dette i desember.

Denne fasen strekker seg frå april/mai til siste oppgjøret er avslutta. 1974-oppgjøret var ikkje avslutta før telefonsentralmontørane gjekk sigrande ut av streiken i januar 1975! Tariff-avtalen går ut ved månadsskiftet april/mai. Men denne fasen var i fjor prega av stor passivitet i dei andre forbunda, av-til dei venta på Jern og Metall-resultatet, som skulle vere «retningsgjevande». Mange storforbund var ikkje klår til avrøysting før ut på sommaren og nær ferien. (Streiken på Norsk Hydrc starta i fellesterien)

Fase 3: Forhandlingene startar, vanlegvis med Jern og Metall først ute (januar/februar til mars/april), slik at dette skal vere «retningsgjevande» for dei andre. Dette er perioden med det store skodespelet, dei lange vakeneffene, den «harde tautrekkinga» der LO og NAF i tolvte time vert samd om kriseforliket.

Fase 4: Avrøystingsfasen. Dette er perioden for marknadsføring av kriseforlik, der forbundspressa og den sosial-demokratiske pressa set inn ja-propagandaen. I fjor kom «Kleppe-pakka» nett i denne fasen, og medverka til at Jern og Metall-avrøystinga vart hala i land med eit naudskrik.

Stalin om krisa og imperialismen

Vi prentar her somme utdrag frå den Meldinga Stalin la fram om arbeidet til Sentralkomiteen på 17. partikongressen i Sovjetunionens Kommunistiske Parti i 1934. Vi trur folk vil ha nytte av desse avsnitta nett no, men oppmodar alle som har tilgang til heile talen til å studere heile del I, »Den pågåande krisa i verdskapitalismen og Sovjetunionens utanrikspolitiske stilling». Talen står i samleverket *Leninismens problem*, som både finst i svensk og norsk utgåve. Her omsett etter den svenske utgåva, s. 663 og frametter.

»Kva er forklåringa på at krisa vi er oppe i no er mykje seigare enn vi har sett døme på før?

.....

Forklåringa ligg endeleg i dette — og det er hovudsaka — at industrikrisa har

utvikla seg under den *ålmenne* krisa i kapitalismen. Då har kapitalismen korkje i dei førande statane eller i koloniane og dei avhengige landa lenger den styrken og den stabiliteten som han hadde føre krigen og Oktober-revolusjonen.

.....

Desse omstenda forklårer og den kjensgjerninga at krisa ikkje berre har kome i produksjonen og handelen. Tvert om har ho og gripe om seg til kreditsystemet, valutaen, gjeldstilhøva osv. Dermed har ho løyst opp dei tradisjonelle sambanda mellom kvart land og mellom dei ulike samfunnsgruppene i kvart land.

Resultatet av den seige økonomiske krisa har vore at den politiske stoda i dei kapitalistiske landa og mellom desse landa har blitt meir skjerpa enn vi har sett nokon gong.

Kampen om dei ytre marknadene er blitt skjerpa. Dei siste restane av frihendelen er blitt gjort til inkjes. Saman



med vernetollen, handelskrig, valuta-krigen, dumpinga og fleire andre liknande tiltak vitnar dette om ein aukande *nasjonalisme* i den økonomiske politikken. Alt dette har skjerpa tilhøva mellom landa til det ytste. Dette har skapt grobotn for militære samanstøytar. Det har stilt krigen på dagsordenen som eit middel til å dele opp maktsfærane i verda på ny til føremon for dei sterkaste statane.

.....
Det er ikkje noko under at den borgarlege pasifismen no lever eit ynkeleg liv og

at preiket om avrustning vert avløyst av 'sakleg' tale om rusting og opprustning.

På ny, nett som i 1914, er det den kamplystne imperialismen, krigen og revansjismen sine parti som kjem i forgrunnen. Alt saman utviklar seg berrsynt til ein ny krig.»

(Stalin: Melding om sentralkomiteen sitt arbeid til 17. partikongressen, omsett etter Leninismens problem, sv. utgåve, s. 664, 665, 670 og 671.)

Fram for eit kommunistisk fagleg program

Utkastet til fagleg manifest:

Gjer opp med revisjonismen!

**UTKASTET TIL FAGLEG MANIFEST
STRIR MOT DEN FAGLEGE LINA
ML-RØRSLA OG PARTIET HAR
FULGT.**

1.

I Røde Fane 6/74 prenta vi eit utkast til fagleg manifest frå AKP(m-l). Vi oppmoda då folk til å lese det med raudblyanten i handa og syte for at diskusjonen om det kunne ende opp med eit fagleg program som kommunistane verkeleg kan stå for.

Sidan då har vi prenta debattinnlegg og materiale til denne diskusjonen i tidsskriftet, både i nr. 2 og nr. 3/1975. Vi har bede folk å byggje kritikken av utkastet på eigne røynsler og på dei røynsleane som er summerte opp av dei marxistiske klassikarane.

Denne kritikken avslørte ganske raskt store feil ved utkastet. Artikkelen av Halvard Gråtopp i dette nummeret summerer opp kritikken så langt vi er komne til no. Som de vil sjå, er konklusjonen at utkastet *strir med den lina ML-rørsla og partiet har fulgt i den faglege kampen*. Det held seg i sak etter sak til revisjonistane sitt syn på klassesamarbeidet i fagrørsla, og vik til sides for dei analysane til dømes Engels og Lenin har gjeve av arbeidararistokratiet, den sosiale støtten borgarskapet har utvikla for å binde fagrørsla og arbeidar-klassen til kapitalismen.

2.

Redaksjonen vil understreke at vi ikkje ser ordskiftet om det faglege manifestet som avslutta med dette. Det arbeidet som må



TA GRUNDIG PÅ KRITIKKEN AV UTKASTET! Utkast til Faglig Manifest fra AKP(m-l) blei lagt fram i Røde Fane 6/74. De diskusjonene som er ført om det, viser at det ikke holder mål. Det summerer ikke partiets politikk i den faglige kampen riktig. Vi oppfordrer folk til å studere utkastet på ny, slik at vi kan gjøre grundig opp med det revisjonistiske slagget som fins der.

gjerast no er å utvikla kritikken av den revisjonistiske lina i fagrørsla. Og det er å forme ut eit *fullgodt program* for den faglege politikken til AKP(m-l). Det må vende seg skarpt mot sosialdemokratane og revisjonistane si støtte til imperialismen på dette området og verkeleg tene til å samle så store delar av fagrørsla som råd er i kampen for sosialismen og proletardiktaturet.

Rett nok har vi sett at det utkastet vi prenta i nr. 6/74 er ubrukande. Men samstundes er det slik som det står i artikkelen til Halvard Gråtopp: ML-rørsla og partiet har stått for – og står i dag for – ei revolusjonær line her. Det det gjeld om er å summere opp denne lina på rett vis, og utvikla henne vidare ved å studere dei viktigaste marxist-leninistiske verka om desse spørsmåla grundig.

Her er Lenin sine analysar av arbeidarrastokratiet som støtte for imperialismen overlaga viktige. Vi prentar ein av dei viktigaste artiklane han har skriva om dette

i dette nummeret. Les han nøye, og diskuter synsmåtane hans i samanheng med dei røynslene de sjølve har gjort i det faglege arbeidet.

3.

Sjølv om Gråtopp har rett når han hevdar at ml-rørsla og partiet har stått for og står for ei korrekt revolusjonær line i fagrørsla, må vi likevel ikkje tru at det ikkje har vore gjort feil somme stader i arbeidet vårt av same type som dei som går att i »Utkastet». Det er viktig at vi evnar å gjere oss nytte av diskusjonen om »Utkastet» med det same, og gjer opp med slike feil overalt der dei fins. Dette må gjerast no, det kan ikkje vente til eit nytt, ferdig program ligg føre. Diskusjonen om manifest-utkastet bør ha skjerpaa augo våre mot revisjonismen i det faglege arbeidet. Dette bør vi vite å gjere oss nytte av alt i kampen omkring tariffoppgjeret som vil stå frå no av og til frampå våren 1976.

Red.

Utkastet bryt med partilina

»Utkastet til fagleg manifest» måler arbeidararistokratiet og revisjonismen i gilde fargar, og er sjølv eit revisjonistisk program.

KLASSESAMARBEIDET HAR EIT SOSIALT GRUNNLAG I ARBEIDARARISTOKRATIET

Fagrørsla er utan samanlikning den viktigaste masseorganisasjonen for arbeidarklassen. Herskarklassen i dei kapitalistiske landa har skjøna det i lang tid. Difor set han mykje inn på at fagrørsla skal fylgje ei borgarleg klassesamarbeidsline.

Den gongen då dei fyrste fagforeiningane vart skipa, vart dei møtt med harde åtak. Det vart kalla ut soldatar og politi mot streikande arbeidarar, og dei klassekjemparane som sto i brodden for fagrørsla vart forfølgde. Fleire gonger gjekk det på livet laus, også her i Noreg.

Denne forma for undertrykkjing kunne nok bremsa utviklinga av fagrørsla, men ikkje stogga henne. Kapitalistane skjøna at dei måtte bruka *fleire slag taktikk* for å halda arbeidarklassen nede. Særleg gjelde det etter at arbeidarklassen vart den største klassen i landet. Dersom fagrørsla blei et våpen for arbeidarklassen sin revolusjon, under leiding av eit revolusjonært arbeidarparti, ville kapitalismen sine dagar snart verta talde.

Difor byrja borgarskapet å kjøpa opp mange av dei dugelegaste arbeidarleiarane.

Ved å syta for makelege jobbar med bra betaling for desse folka, makta borgarskapet å skapa eit sjikt med lojale tenarar innanfor arbeidarklassen, eit *arbeidararistokrati*. Andsynes klassen preika desse folka *klassemarbeid*. Dei bruka gjerne store ord om »kamp» og »revolusjon», når desse orda ga dei føremoner. Men alltid saboterte dei kampen, og alltid var dei garantister for kapitalismen. Arbeidarklassen kan ikkje vinna nokon kamper utan strid mot dette sjiktet.

I avgjerande situasjonar sytte dette arbeidararistokratiet å spreia forvirring og motløyse i arbeidarklassen. Slik hende det i 1917. Då var fleirtalet av norske arbeidarar budde på generalstreik, samstundes med at det rådde stor sympati med den russiske revolusjonen. Borgarskapet bruka klasseforrædarane som eit skjold for seg. Utan deira hjelp er det svært usikkert om kapitalismen i Noreg hadde overlevd. Men med desse tenarane *innanfor* arbeidarklassen sine organisasjonar, innanfor fagrørsla, så klara borgarskapet å stogga kampen. Og slik har borgarskapet til denne dagen halde borgardiktaturet og utbyttinga ved lag. I dei tilfella der desse klassesamarbeidsfolka ikkje har vore nok

til å knekka kampen eller føra han på avvegar, så har dei alltid hatt den opne valden å falla tilbake på.

TO SLAG TAKTIKK – FØR OG ETTER HOVUDAVTALEN

Revisjonistar og andre borgarar plar å skryte av at den norske klassekampen har vore sær sars fredeleg. Men røynslene frå dei gongene då arbeidarklassen har ført harde kampar syner noko anna. Vi kan berre minna om nokre slike tilfelle, for plassen si skuld. I 1870-åra kjempa arbeidarar mot ridande politi og soldatar i Gamlebyen i Kristiania, eit par gonger. I 1881 vart to arbeidarar drepne under ei streik i Drammen. Under streika i Sulitjelma vart soldatar sende mot arbeidarane. Det same hende i Hammerfest under sjømannsstreika i 1921. Under Randsfjordkonflikten og streika i Julussa vart statspoliti og borgarvern brukt, og alle veit vel korleis Quisling sende marinen mot Hydroarbeidarane i 1931. Dette er berre eit stutt oversyn, og ein treng berre nemna politiaksjonen mot Norgasarbeidarane i 1970 for å syna at borgarstaten ikkje har endra seg.

Likevel er det eit skille på historia før og etter 1935. *Før 1935* bruka borgarskapet valdsmakta ofte, og dei skipa eigne streikebrytarorganisasjonar. »Samfundshjelpen» var ein av desse. *Etter 1935* har slike organisasjonar spela lita eller inga rolle og borgarskapet har ikkje ofte nytta vald mot streiker. Kva kjem det av?

Årsaka til denne endringa er at frå 1935 har borgarskapet hatt *Hovudavtalen* å stø seg på i kampen mot arbeidarklassen. Med den har dei bunde klassen og sytt for at streikebrytarverksemda blir gjort *innanfor Landsorganisasjonen*. Til dømes driv LO streikebryteri ved Norsk Hamnerverk ved

at medlemmer tek jobbar som dei streikande hadde. Dette gjer dei i pakt med Hovudavtalen.

ARBEIDARARISTOKRATIET – DET VIKTIGASTE MIDLET FOR Å HALDE ARBEIDARKLASSEN NEDE

Kva var det *sosiale grunnlaget* for Hovudavtalen? I »Stoda til arbeidarklassen i England» skriv Engels at den engelske Arbeidarklassen var særmerkt ved at ei lita gruppe av arbeidararistokratiet leia ho, og at fleirtalet *lot seg* leia av desse borgarlege elementa innanfor klassa.

Det norske borgarskapet og særleg gjeld det monopolkapitalen, har kjøpt opp eit lite mindretal av klassen ved å gje dei *særlege privilegium* samanlikna med andre arbeidarar. Desse folka vert *knytte till profitten*, og vert dei sikraste forsvararar for kapitalismen. Dei spreier den borgarlege lina i arbeidarklassen og prøver å syta for at arbeidarklassen sin kamp ikkje rettar seg mot sjølve *grunnlaget* for kapitalismen.

Teorien om arbeidararistokratiet vart utvikla av Lenin, og Kautsky retta harde åtak mot han. (Sjå Lenin-artikkelen om »Imperialismen og kløyvinga i sosialismen» på annan stad i bladet.) Kautsky hevda at det ville vera »pessimistisk» å hevda at ein del av klassen kunne gjerast borgarleg med privilegium. Lenin svara med å seie at bolsjevikane var »optimistar» når det gjaldt den proletariske revolusjonen, men at ei oppkjøping av eit *mindretal* av klassen kunne utsetja revolusjonen i 50 år. I historisk synsvinkel er ikkje 50 år frå eller til mykje, men politisk er det ei lang tid.

I Noreg har revolusjonen vert utsett »i femti år» ved at borgarskapet har skapa seg ein sosial støtte innanfor eit mindretal av arbeidarklassen. *Ein analyse av fagrørsla må analysera desse røynslene på eit*

omfattande vis, for det er særleg gjennom fagrørsla det har vore moegeleg å halda klassen nede i så lang tid.


Eit kommunistisk fagleg program må analysere fagrørsla i samband med revolusjonen, og sjå korleis borgarskapet har brukt og brukar fagrørsla for å halda kapitalismen oppe. Eit slikt program må syne fram dei to formene for taktikk som borgarskapet brukar, den opne valden, og oppkjøpinga og kneblinga. Eit slikt program må syna at sosialdemokratiet og revisjonismen er tenarar for monopolkapitalen innanfor arbeidarklassen, og at dei må nedkjempast i fagrørsla for at arbeidarklassen kan vinna siger. Målet må vera å gjera fagrørsla eller størst moegelege delar av

han til ein revolusjonær klassekamporganisasjon, ein organisasjon som kjempar for den sosialistiske revolusjonen og proletariatet sitt diktatur.

Spørsmålet er om »Utkastet til fagleg manifest» gjer dette. Eg meiner svaret her er eit klårt nei.

»UTKAST TIL FAGLEG MANIFEST» ER IKKJE NOKO KOMMUNISTISK PROGRAM!

Om ein berre blar gjennom »Utkastet» vil ein snart sjå at det ikkje har forma til eit program. På punkt der eit program vil vera stutt og prinsippielt, er »Utkastet» langt og utflytande. I staden for å få ein skarp



Ei »klassisk» teikning frå Klassekampen av LO-formannen i lomma på monopolkapitalen. Utkastet til fagleg manifest klårgjer kva klasse han høyrer til. Men det vik unna spørsmålet om det sosiale grunnlaget for opportunismen som imperialismen skapar i arbeidarklassen, under det toppskiktet Aspengren høyrer til.

grenseoppgang mellom to liner, får ein mange døme. Berre dette er nok til å setja eit stort spørreteikn ved »Utkastet». Eit fagleg program som skal vera eit kvasst våpen mot ulike slag opportuniste kan ikkje vera uklårt i kantane.

Dette er ikkje berre ei motseiing på overflata, for om ein går meir inn på »Utkastet» finn ein at innhaldet er likeeins. Det vert ikkje gjort nokon analyse av rolla fagrørsla spelar andsynes den sosialistiske revolusjonen. Revolusjonen vert nemnd eit par stader, men »Utkastet» er ikkje prega av kampen for revolusjonen. I staden blir det heile nokså trongsynt, avdi det rettar seg mot kampen for det daglege brødet for det meste.

»Utkastet» gjør heller ingen forsøk på å forklara arbeidararistokratiet si rolle, eller svara på kvifor sosialdemokratiet har lukkast med å halda den norske arbeidar-klassen nede så lenge. Når ein ikkje går inn på dei sosiale og politiske tilhøva som har gjort ei slik utvikling mogeleg, kan ein heller ikkje syna arbeidsfolk vegen ut or sumpa.

Det er klart at det ikkje berre var nokre einskilde personar og deira forræderi som styrte fagrørsla inn i klassesamarbeidet. *Klasseforræderane kunne sigra avdi arbeidarane ikkje var budde på å kjempa mot dei, og dei sigra med imperialismen og borgarskapet i ryggen.* Difor er det ei stor og vanskeleg oppgåve å setja fagrørsla på klassekampgrunnlag. Det krev at store delar av arbeidar-klassen vert sett i rørsle. Det krev ei grunnleggande endring gjen-nom ein lang kamp, og er ikkje noko som er løyst ved å skifta ut eitt styre med eit anna.

»Utkastet» legg ikkje opp til ein slik omfattande strategi, og det kan skapa illusjonar om kor lett det er å omdanna heile fagrørsla.

Verst av alt er det at »Utkastet» har ei grunnleggjande feilaktig haldning til *revi-*

sjonistane. Ikkje berre vert revisjonistane og deira streikebrytarveksemd unemnt, men det vert likefram gjort framlegg om ein slag fagleg »opposisjon» av AKP(m-l) og revisjonistane i Sosialistisk Valgparti! Vi skal sjå meir på denne lina, og syna kor fårleg ho er. Men alt no kan vi seia at »Utkastet» ikkje er brukande som fagleg strategi for AKP(m-l). *Det er og i strid med dei faglege kamptradisjonane som ml-rørsla i Norge har bygd på og byggjer på.*

EINSKAP – MED KVEN, ARBEIDARANE ELLER ARBEIDARARISTOKRATIET?

Om arbeidararistokratiet heiter det på s. 5, »Innen LO er det etterhvert skapt et system av hundrevis av fastlønnede tillitsmenn og funksjonærer. Mange av disse gjør en bra jobb i medlemmenes interesser. Lønna deres varierer ikke vesentlig fra gjennomsnittet blant medlemmene og arbeidsdagen kan ofte langt overstige arbeidervernlovens bestemmelser. Mange slike folk er ofte utsatt for bestikkelser fra fagbevegelsens toppfolk i form av løfter om høyere og feitere stillinger viss de kom over på klassesamarbeidernes standpunkt.»

Kva er dette? Det har ikkje noko med ei leninistisk analyse å gjera. Både Engels og Lenin har peika på korleis borgarskapet og imperialismen skapar eit skikt av arbeidarar med særlege privilegium. Det har ikkje noko med saka å gjera om desse privilegia er *store* eller *små*. Hovudsaka er at det vert skapt eit sosialt grunnlag for opportunisten, folk som er lojale andsynes kapitalen. I mange høve er det nokså få privilegium som trengst for å skapa slike folk. Nokre små føremoner som dei elles ikkje kunne ha, er mange gonger alt. Ein litt lettare jobb, nokre øre meir enn dei andre, tryggleik i jobben, bustad.



REVISJONISME – VAKLING ELLER REAKSJON?

Denne teikneserien sto i Klassekampen i våres. Hovudpersonen er Kolbein Harbu, fagleg sekretær i NKP. I spalta si i Friheten gjekk han til det eine åtaket etter det andre mot dei streikestøttekomiteane som dreiv støttarbeid for Telefonsentralmontørane under streiken. Aspengren støtte seg på desse artiklane då han skulle setje arbeidarane »på plass».

Hovudsaka er at dei vert knytte til kapitalen med særskilte føremoner, som dei berre har så lenge dei er lojale klassesamarbeidarar. Slikt har kapitalen skapt stymparar og spyttleikarar av mange av dei som skulle representera arbeidar-klassen. Sjølv sagt finnst og dei store fleskebitane, men det vore å undervurdere fienden å stira seg blind på dei. Difor er »analysa» i »Utkastet» heilt gale. Det har ikkje noko med saka å gjera om klassefor-rædarane jobbar med judasgjerninga si på overtid. Det er og altfor optimistisk å tru at fleirtalet eller ein stor lut av dei fastlønna tillitsmennena gjer »en bra jobb i medlem-menes interesser».

I sjølve verket er det ein skjønning av arbeidararistokratiet som »Utkastet» gjer. *Det er ei førebuing av »einskap» med dei folka i fagrørsla som er den fremste sosiale støtten for imperialismen!*

Men kven er det som skal gjera fagrørsla til ein revolusjonær klassekamporganisa-sjon, utanom kommunistane? Jau, det er fleirtalet av arbeidarane. Det er mellom dei einskapan må tømrast, og ikkje med dei som har lojaliteten sin hjå klassefienden. Framtida ligg ikkje i rotne alliansar med

korrumperte »tillitsmenn», ho ligg i einskapan mellom fleirtalet av dei fagorga-niserte *mot* kapitalen og arbeidararistokra-tiet.

KAMPEN FOR EI FAGRØRSLE PÅ KLASSEKAMPEN SI GRUNN MÅ FØRAST MOT REVISJONISMEN OG.

Ein må i alle høve »rosa» »Utkastet» for at det er konsekvent. Den strategiske feilen som det gjer i den sosiale analysen, vert og gjort i den politiske analysen. Det politiske motstykkjet til skjønninga av arbeidar- aristokratiet, er sjølsagt ei liknande hald-ning til revisjonismen. Høyr berre. På side 7 vert det tala om

»SV-ledelsens opportunistiske vakling mellom ei kamp- og samarbeidslinje.»

Dette står i motstrid til kva som vert slått fast på s. 56:

»Like kjent er den revisjonistiske linja i fagbevegelsen. Politisk har den samme innhold som den sosialdemokratiske. Men det er viktige skiller i formen.»

Det er ei skjønning av revisjonismen å seia at han *vaklar* mellom kamp og

samarbeid. Revisjonismen i fagrørsla er *sabotasje* av klassekampen, streikebryteri og direkte tenester til monopolkapitalen. Ikkje noko anna.

Når »Utkastet», rett nok nokså veik, slår fast at revisjonismen sitt innhald er det same som sosialdemokratiet, så kan ein ikkje samstundes tala om vaking mellom kamp og samarbeid. Sosialdemokratiet undertrykkjer klassekampen, bryt alle streikar dei kan og arbeider det dei kan for å halda kapitalismen ved lag. Det same gjer revisjonistane.

Dei seier at dei ynskjer »sosialisme», men i røynda ynskjer dei ikkje anna enn statmonopolkapitalisme. Difor saboterer dei klassekampen og vert vitlause av raseri om arbeidarklassen set dei til sides. Ei revolusjonær og kjempande fagrørslle ville vera eit trugsmål mot deira planar, difor arbeidar dei og alt dei kan mot ei slik utvikling. Dette har dei synt under streikekampen, og dei har synt det i alle andre kampar som har vorte førde. Dei maskerar seg gjerne med litt »radikal» demagogi, men det er enno ein grunn til å vera på vakt mot dei og slost mot dei.

Arbeidarklassen sine interesser og revisjonismen sine er som eld og vatn, *dei kan ikkje gå i hop*. Difor må vi føra ein hard kamp mot dei, og ikkje skipa til nokon roten »einskap».

Avdi det legg opp ein strategi for den faglege kampen med einskap med revisjonistane, vert det faglege »Manifestet» *sjølv* eit revisjonistisk dokument. Det er ikkje brukande til å rettleia kampen som arbeidarklassen må føra mot dei sosialdemokratiske og revisjonistiske førarane innanfor fagrørsla. Tvert om, det må kritiserast og avisast som eit revisjonistisk framlegg. Om framlegget vart godteke, ville det vera eit brot med heile den revolusjonære faglege politikken til partiet.

EIT BROT MED PARTIET SI REVOLUSJONÆRE LINE

»Utkastet» representerer ikkje ei skriftleg samanfating av ml-rørsla og partiet si faglege line. Ml-rørsla er, tvert om godt kjend for si prinsippfaste haldning i faglege kampar gjennom mange år. Arbeidarar over heile landet har lært å kjenna ml-rørsla og partiet som konsekvent motstandar av klassesamarbeidet. Heilt sidan 1967–68 har norske marxist-leninistar kjempa hardt mot revisjonistane sin faglege politikk, og gong på gong avslørt deira svik mot arbeidarklassen.

I røynda har vi synt korleis revisjonistane, sjøl om dei for ei tid støttar streikekampen i ord, alltid arbeider for å dolka han i ryggen, splitta dei streikande og nedleggja klassekampen. Slik var det i Norgas-streika, i Sauda-streika, i Sporveisstreika, i streika ved Holmenkollbanen, i heismontørstreika og i telefonsentralmontørstreika. I alle desse kampane og alle andre liknande kampar har revisjonismen og organisasjonane hans, SF, NKP og SV, spela monopolkapitalen sitt spel og sviki arbeidarklassen.

Ml-rørsla og AKP(m-l) har på den andre sida spela ei stolt rolle som arbeidarklassen sin fortropp og konsekvente talsmann. Difor er »Utkastet til faglege manifest» eit brot med partilina. Det er eit åtak på partiet si korrekte revolusjonære line og ein freistad på å erstatte han med ei feilaktig, revisjonistisk line.

I staden for dette »Utkastet» må vi setja faglege retningslinjer som er i samsvar med partilina og som sett den faglege kampen i samanheng med kampen arbeidarklassen fører for den sosialistiske revolusjonen.

Hallvard Gråtopp

NKP etter krigen – revisjonismen i högsetet i den faglege politikken

»Einskap – med kven, arbeidarane eller arbeidararistokratiet», spør Hallvard Gråtopp i artikkelen framfor om »Utkastet til Fagleg Manifest». Denne oversikten vi har fått om NKP sin innsats på landsmøta i Norsk Arbeidsmannsforbund og Bygningsindustriarbeiderforbundet frå 1945 til 1967 syner kven NKP strevde etter samhald med i etterkrigstida.

FAGLIG-POLITISK LINJE I NKP I TO FAGFORBUND I PERIODEN 1945–67 1. Norsk Arbeidsmandsforbund

Ved landsmøtet til Norsk Arbeidsmandsforbund i 1945 var NKP innbudt som gjest. Ved dette landsmøtet ble Spania fordømt som et fascistisk land.

Ved landsmøtet i 1948 ble ikke NKP innbudt. Argumentasjon fra NKP-representantene var at partiet burde innbys fordi »kommunistene har avverget ulovlige konflikter søkt igangsatt av sosialdemokratene» (det dreide seg om en streik på nordlandsbanen som blei forhindra av NKPer i stedsstyret i Arbeidsmandsforbundet.) Videre ble det vedtatt på landsmøtet solidaritetserklæringer til DNA. NKPs forslag om ikke å vedta en slik erklæring falt mot 5–6 stemmer. NKP-representantene uttalte i denne anledning at deres forslag ikke måtte regnes som en mistillit til DNA, bare en

mistanke. De mente videre at det ikke kunne være en forbrytelse å si til regjering og LO at de nå måtte føre en annen politikk. Dette kunne da ikke være forbudt.

Ved landsmøtet i 1951 ble det foretatt endringer i prinsipperklæringene til forbundet. Sosialismen falt ut som målsetting. NKP-representantene argumenterte i denne sammenheng for fortsatt sosialisme med standpunkt »som ærlig arbeidsmann, ikke som kommunist». Det er alene som arbeidsfolk vi skal ta beslutningen, ble det sagt. . .

Videre fikk sosialdemokratene trumfa gjennom ei støtte til Anna Ketly i Ungarn. Men NKU fikk 500 kroner i bevilgning pr. år i landsmøte-perioden. Argumentasjonen fra NKPer i denne sammenheng var at det ikke kunne bortforklares at det fantes to partier innen arbeiderklassen. »Vi finner hverandre i det daglige samarbeid i kommune-



BILDET: Khrustsjov sammen med Gerhardsen under Norges-besøket i 1964.

styret». DNA og NKP opererte aldri som to fraksjoner ble det hevdet. En NKP representant uttalte at sammen »med Arbeiderpartiets representanter har vi kommunister alltid ivare tatt arbeiderklassens interesser i den borgerligstyrtede kommune».

Heller ikke ved **landsmøtet i 1955** var det flertall for å få sosialismen gjeninnført i formålsparagrafen og i prinsipperklæringa, enda om NKP representanter brukte både Arne Paache Aasen og »den greie og gode» Martin Tranmæl som argument for gjeninnføring av sosialismen. Videre hevdet de som representerte NKP at de ikke snakket om proletarietets diktatur når de nevnte sosialisme, men kun om formålsparagrafen i forbundet. Det var de demokratiske prinsipper og metoder som måtte ligge til grunn for gjennomføring av sosialisme i Norge.

Denne gang ble det ikke gitt penger til NKU. En ledende talsmann for NKP foreslo bevilgning til sitt parti med den begrunnelsen at NKP hadde gjort et like

DEN TROJANSKE TROIKAEN – TITO, KHRUSTSJOV, TOGLIATTI – OM SOSIALDEMOKRATIET

Tito:

»Det synet at kommunistpartiene har monopol på enhver linje i utviklinga mot sosialismen, og at sosialismen kommer til uttrykk i dem og gjennom dem, er teoretisk ukorrekt og svært skadelig i praksis».

Fra programmet til Jugoslavias Kommunistiske Forbund, 1948.

Khrustsjov:

»Dersom vi skal tale om hvilken rolle de ikke-kommunistiske partiene står i og hvilken stilling de har, vil vi framfor alt understreke dette: I den nåværende situasjonen er det ikke bare mulig men også uomgjengelig at kommunistpartiet samarbeider med de andre partiene for å oppnå en sosialistisk omforming av samfunnet.»

Pravda 25. juni 1958, intervju med redaktør John Waters i avisa »Herald», Australia.

Togliatti:

»I sær er det tvingende nødvendig å lete etter og å få i stand et system med nye kontakter og forbindelser blant alle krefter som godtar en sosialistisk politikk og en sosialistisk framtid» med det for øye »at oppdelinga som finnes i de forskjellige organisasjonene til arbeiderklassen kan bli overvunnet på en organisk måte og det kan bli lagt grunnlag for et enkelt parti.»

Unita, 9. januar 1964 – »Dokument fra Sentralkomiteen i Italias Kommunistparti til landskonferansen om organiseringa».

Sitatene er henta fra artikkelen »De moderne revisjonistene i ferd med å degenerere til sosialdemokrater og å smelte sammen med sosialdemokratiet», Zeri i Popullit, 7. april 1964. (I boka PLA in Battle with Modern Revisionism, Tirana 1972.)

godt arbeid for arbeiderklassen som DNA. Han syntes at i tider som nå skulle en vise en mer kameratslig ånd og erkjenne at det var to arbeiderpartier innafør fagorgani-

sasjonen. Og om det ikke tidligere var bevilga penger til NKP måtte en gang være den første, og det ville være en pen blomst å komme hjem med fra Forbundets jubileumslandsmøte. (60 år)

Heller ikke i 1959 førte forsøk på å gjeninnføre sosialismen fram. NKU fikk ingen penger selv om argumentene for det denne gang som tidligere var at dette ville være »en verdig handling».

Landsmøtet i 1963 ga ingenting til NKU, argumentet var fortsatt at både NKU og NKP burde gis en honnør for det gode arbeidet.

I 1967 nevnte landsmøtet for første gang internasjonal solidaritet siden Spania-resolusjonen i 1945. Det ble vedtatt uttalelser både om Vietnam og Hellas. Det ble videre gitt bevilgning både til AUF, NKU og SUF. Dessuten ble det vedtatt en resolusjon som krevde folkeavstemning om NATO i 1969.

2. BYGNINGSINDUSTRIARBEIDERFORBUNDET

Ved Bygningsindustriarbeiderforbundets siste landsmøte i 1949 (slått sammen med hølveriarbeiderne da) stilte NKP opp mot DNA i alle sammenhenger men tapte. Argumentasjonen til NKP under kampen om stemmene var »tror noen vi blir ferdig til fastsatt tid hvis vi skal fortsette som i dag med politisk debatt? Men vi tar imot den utfordring vi har fått og er villig til å krysse klinge med de andre. Vårt syn må også bli gjort gjeldende.» Eller: »skal den ene part holdes utenfor vil det ikke forkorte tiden for landsmøtet».

Eller »de som representerer kommunistene har rett til å ha en mann med i redaksjonskomiteen». Eller

»det betegner ingen samarbeidsånd at DNA har sendt ut rundskriv med pålegg om å kaste alle kommunister».

NKP tapte med 119 mot 210 stemmer.

I en diskusjon om fagbladet »bygningsarbeideren» kom NKP-representanter med kraftige angrep på organet. I flere innlegg

nevnte representantene at NKP var et politisk parti som hadde stor oppslutning blant bygningsarbeiderne. De var opprørt over at slikt kunne skje og at forbundstyret ikke straks stanset utsendelsen av et blad som hadde voldsom kritikk av NKP. DNA-representantene polemiserer tilbake og mente at et fagblad vel måtte ta politiske standpunkter. NKP-representantene mente til slutt at det var en ånd og en tone i DNA-representantenes innlegg som smakte av diktatur. Dette var forkastelig metode ble det nevnt.

På landsmøtet ble Samvirke-bevegelsen diskutert. En representant for NKP mente det var mulig å hindre kooperasjonen å gli inn i et kapitalistisk spor. Han trodde det gikk an å erstatte den kapitalistiske kapitalen ved hjelp av arbeiderregjeringa og styrene rundt om i kommunene. »De respektive politiske representasjoner har imidlertid ikke utnyttet mulighetene til å gi den kooperative bevegelse den støtte den har krav på.»

I forbindelse med valget på nye tillitsmenn ble NKP-representantene sjokkert over innstillinga fra valgkomiteen. Det ble nevnt at det var en skandale at de som hadde fått kritikk for sin oppførsel var satt opp igjen på nytt. En NKP-representant sa det slik »jeg ser ikke politisk på det, men vi må ha ansvar for våre kamerater utover distriktene. Frekkheten går langt når man innbyr oss til å kaste en mann som Sørnum, en moralsk uangripelig person.» (Sørnum var mangeårig NKP-tillitsmann.) Einar Ravnbø kjent fra Austad streika i Tromsø, 1971, mente det blir fullstendig stagnasjon i foreningslivet om kommunistene ble fjerna. Vi må bruke sunt folkevett sa han. »De har kriminalisert oss kommunister slik at det er mange som ikke tør stemme på våre kandidater selv om de er aldri så dyktige, men ta mot t! dere og stem på de progressive kreftene i forbundet usansett politisk standpunkt». I agitasjonen for en NKP-representant ble det fra hans kamerater påstått som gode argumenter at han hadde deltatt i mange forhandlinger i Arbeidsgiverforeningen og

var meget godt inne i akkordtariffene. Han hadde også den kraft og moralske ryggerad som var nødvendig for å hevde seg. Ingen uttalelse om NATO ble forsøkt fremmet.

I 1952 ble en hilsen til Sovjet nedstemt. I 1955 påpekte Ivar Brendmo det gledelige ved enheten i forhandlingene på landsmøtet til nå, og henstilte om at denne linja måtte fortsette. **Kolbjørn Harbu** syntes det var ekkelt å høre talerne sette politisk etikett på de kandidater de gikk inn for. Det var faglige tillitsmenn som skulle velges. NKU fikk denne gang ingen bevilgninger. Det ble heller ikke oppnådd enhet om internasjonal faglig enhet, selv om Halvor Sørum mente det nå var reelle tegn til en avvikling av den kalde krigen som igjen kunne føre til at man kunne stå samlet over landegrensene. Derimot ble det vedtatt en uttalelse om Freden i verden. NKPs linje på dette landsmøtet var: Stem på de best kvalifiserte rent faglig sett. Vekk med all partipolitikk. Enhet med DNA i faglige saker.

Ved landsmøtet i 1959 falt forslag om utveksling av delegasjoner mellom øst og vest. Forsøk på å drive reklame for Sovjet nådde ikke fram. NKP-representantenes argumentasjon for Sovjet var at utviklinga nå fører oss dit hen at vi må stå sammen internasjonalt. »Hvorfor da stadig stampe mot- og låse seg fast i utgangspunktet. Kanskje vi kan hjelpe våre kamerater i Øst-Europa. Det ligger ikke politikk i dette, men en ærlig vilje fra alle verdens arbeidere om å komme i kontakt med hverandre og lære av hverandre. Kampen mellom systemene vil fortsette, men bare i form av fredelig kappestrid. Bare menneskets sterke skapende vilje bestemmer seier eller nederlag.»

Landsmøtet i 1962 vedtok hard kritikk av planlegginga i byggebransjen. Videre ble det reist kritikk også mot tidsstudier og rasjonalisering. NBI hadde satt i gang

slik uten å underrette arbeidere på forskjellige steder. Carls Jensen hevdet at arkitektene arbeidet for dårlig. Dette sinke byggeprosessen, men arbeiderne fikk skylda. Faktisk var planlegginga så dårlig mange steder at det nærma seg svindel. DNA-representantene prøvde å svare på dette med å påstå at det var gammaldags å gå mot vitenskapen som hjelp i rasjonalisering. NBI var videre et statlig nøytralt organ. Også ved dette landsmøtet var NKP-representantenes taktikk i valgsammenheng: ikke ta politiske hensyn i valg av tillitsmenn. Arbeiderne tar i dag avstand fra partipolitikken innen fagbevegelsen og vi må forlange at tillitsmennene skal velges etter sine kvalifikasjoner og ikke etter sin partibok. Forslag om en beskjeden 1 000 kroning til NKU ble nedstemt.

Men det ble vedtatt en uttalelse om Atomvåpen riktignok uten debatt.

På landsmøtet i 1966 var det forslag fra rørleggerne om enhetlig opptreden mellom DNA, NKP og SF ved kommunevalget i 1967. Malersvennene henstilte også til representantene for det arbeidende folk og de tre arbeiderpartiene å opptre enhetlig. Samarbeid og samling var parolen. Internasjonalt nevnte landsmøtet Vietnam uten å fordømme USA. Landsmøtet sluttet seg til U Thants punkter. Det ble gitt 1 000 kroner til Sol.kom.

Kommentar

NKP sutrer istedetfor å kjempe. DNA betraktes ikke som fienden, men som en slem storebror. Referatene i Friheten fra hele denne perioden bærer preg av dette. Det var ingen sterk dekning som Friheten ga, snarere basert på NTBs telegrammer enn på god kontakt med sine egne landsmøtorepresentanter. I 1952 måtte til og med avisa korrigere et feilaktig hovedoppslag.

Lenin om borgarlege arbeidarparti og opportunismen

Frå Lenin: IMPERIALISMEN OG KLØYVINGA I SOSIALISMEN

Vi prentar her dei to siste tredelane av Lenins brosjyre »Imperialismen og kløyvinga i sosialismen», skriven i oktober 1916. Dette er ein av dei viktigaste klassiske tilskota til analysen av parti og straumdrag i arbeidarklassen som gjev seg ut for å vere sosialistiske, endå til revolusjonære stundom, men som like fullt i eitt og alt står på borgarskapet og kapitalismen sitt standpunkt. Artikkelen syner kva som er det sosiale grunnlaget for desse partia, kva rolle dei får å spele av borgarskapet, og kor viktig det er å føre ein prinsippfast kamp mot dei. Vi meiner at analysen til Lenin gjeld fullt ut for parti som både DNA, SV (både for SF, NKP og dei andre smågruppene), og at det er viktig å analysere desse partia nøyare i tida framover etter dei retningslinene Lenin gjev her. Omsetjinga er det redaksjonen som står for. Vi har brukt den engelske teksta i Samla verk, b. 23, som førelegg. Notane bak i artikkelen har vi laga sjølv. Dei gjev opplysningar om kva slag folk det er Lenin nemner i artikkelen.

Finst det eit samband mellom imperialismen og den usedvanleg avskyelege sigeren som opportunismen (i form av sosialsjåvinisme) har vunne over arbeidarørsla i Europa?

Dette er hovudspørsmålet for sosialismen i vår tid, (...)

Ikkje berre i artiklar, men også i resolusjonar frå partiet har vi gong på gong synt til dette økonomiske, heilt djuptgåande, sambandet mellom det imperialistiske borgarskapet og opportunismen som har sigra over arbeidarørsla i våre dagar (for lang tid?). Av dette har vi m.a. drege den

konklusjonen at ein ikkje kjem utanom eit brot med sosialsjåvinismen. Kautsky-anarane våre har heller valt å gå utanom spørsmålet! Martov¹ har t.d. alt lansert ei sofisme om det i foredraga sine. Ho vert uttrykt slik i »Meldingar frå O.K.⁺ sitt utanlandssekretariat» (nr. 4 frå 10. april 1916):

+ Martov, L. (1873–1923), mensjevikleider. Fulgte Kautsky under den 1. verdenskrigen og inntok et sentristisk standpunkt. Ledet en gruppe mensjeviker etter den borgerlig-demokratiske Februar-revolusjonen i Russland 1917. Emigrerte fra Russland i 1920 og begynte å gi ut et kontrarevolusjonært mensjevikisk blad fra Berlin.

— » . . . Det ville vere dårleg stelt med det revolusjonære sosialdemokratiet si sak, ja, ho ville vere vonlaus, dersom dei arbeidargruppene som nærmar seg 'dei intellektuelle' mest når det gjeld andeleg utvikling og er mest kvalifiserte, skulle bli drivne av lagnaden sjølv til å vende sosialdemokratiet ryggen og gå over til opportunisten . . .»

Ved hjelp av det truskuldige lille ordet »lagnaden» og litt »taskenspel» går han utanom *den* kjensgjerninga at visse skikt av arbeidarane *har gått over* til opportunisten og til det imperialistiske borgarskapet! Og sofistane i O.K. må jo berre *gå utanom* denne kjensgjerninga! Dei dreg seg ut av spelet med »den offisielle optimismen» som både Hilferding⁺⁺ og mange andre spradar med no for tida: Dei objektive vilkåra, seier dei, borgar for at proletariatet vert sameina og at den revolusjonære straumen vil sigre! Vi er altså »optimistar» når det gjeld proletariatet!

Men i røynda er alle desse kautsky-anarane, Hilferding, »O.K.-folka», Martov & Co.. — *optimistar* . . . når det gjeld *opportunisten*. Det er kjerna i saka!

Proletariatet er eit barn av kapitalismen — av verds kapitalismen, og ikkje berre europeisk kapitalisme, eller av imperialistisk kapitalisme. I verdsomfang, femti år før eller femti år seinare — målt i *verdsomfang* er ikkje dette så mykje frå eller til — vil »proletariatet» sjølv sagt »bli» sameina, og »det står ikkje til å hindre» at det revolusjonære sosialdemokratiet vil gå av med sigeren i proletariatet. Men det er ikkje det det står om, mine herrar kaut-


⁺⁺ **Hilferding**, Rudolf (1877–1941). En av lederne og teoretikerne for opportunistene i det tyske sosialdemokratiet og den 2. internasjonale. Minister i flere sosialdemokratiske regjeringer i 20-åra.

skyianarar. Saka er at no, i dei imperialistiske landa i Europa, *smigrar* de opportunistane. Dei er *fiendar* for proletariatet som klasse, dei er tenarane, agentane til borgarskapet og reiskapar for makta det har. *Dersom ikkje* arbeidarrørsla *kvittar* seg med dei, vil ho aldri bli noko anna enn ei *borgarleg arbeidarrørsla*. Ved å tale for *samhald* med opportunistane, med folk som Legien og David, Plekhanov, Tsjkhenkeli og Potresov osv.,¹ vernar de i røynda at det imperialistiske borgarskapet *trælbind* arbeidarane med hjelp av sine beste agentar i arbeidarrørsla. Det står absolutt ikkje til å hindre at det revolusjonære sosialdemokratiet vil sigre i verdsomfang. Men både i dag og i framtida vil det gå *mot* dykk, veksa seg sterkt *mot* dykk. Det vil verte sin siger *over* dykk.

Desse to stemneleiane, desse *to partia*, kunne ein gjerne seie, i arbeidarrørsla i dag går så klart kvar sin skilde veg i dag over heile verda. *Engels og Marx fann alt fara av dei i England* gjennom *tiår*, grovt sett frå 1858 til 1892.

Korkje Marx eller Engels levde så lenge at dei fekk sjå den imperialistiske tidebolken av verds kapitalismen, som ikkje tok til før 1898–1900. Men England hadde det særdraget at i det minste dei *to* viktigaste skiljemerka på imperialisme ovra seg (kom til syne) der: (1) svære koloniar, og (2) monopolprofitt (takka vere den monopolstillinga landet hadde på verdsmarknaden). Begge desse to tilhøva gjorde England til eit unntak mellom dei kapitalistiske landa på denne tida. Marx og Engels analyserte dette unntaket, og peika klart og avgjort på korleis dette *hang saman* med den (mellombels) sigeren opportunisten vann i den engelske fagrørsla.

I eit brev til Marx, datert 7. oktober 1858, skreiv Engels: ». . . Det engelske proletariatet held verkeleg på å bli meir



Lenin-artikkelen vi bringer utdrag fra her er utgitt som eget hefte av svensk Oktober, 1974. Det koster kr. 4,-. Du får det i Oktoberbokhandlene.

og meir borgarleg, slik at det er tydeleg at denne nasjonen som er den mest borgarlege av alle set seg som mål å få eit borgarleg aristokrati og eit borgarleg proletariat *ved sida* av borgarskapet. Dette er sjølvstilt til ein viss mon rettkome for ein nasjon som utbyttrar heile verda.» I eit brev til Sorge,² datert 21. september 1872, fortel Engels han at Hales³ stelte i stand mykje bråk i det føderale rådet i Internasjonale og fekk det til å røyste for ein kritikk av Marx for å ha sagt at »dei engelske arbeidarleiarane hadde selt seg». Marx skreiv til Sorge 14. august 1874: »Når det gjeld arbeidarane i byane her (i England), er det synd at heile bundelen av leiarar ikkje kom inn i

Parlamentet. Det ville vore den tryggaste måten å bli kvitt heile skokken på.» I eit brev til Marx, datert 11. august 1881, talar Engels om »dei verkeleg verste engelske fagforeiningane som lar seg leie av menn som er selde til borgarskapet, eller i det minste er betalte av det.» I eit brev til Kautsky⁴, datert 12. september 1882, skreiv Engels: »Du spør meg om kva dei engelske arbeidarane meiner om kolonipolitikk. Jau, nett det same som dei meiner om politikk i det heile. Det finst ikkje noko arbeidarparti her, det er berre konservative og liberal-radikale, og arbeidarane er gladeleg med på det festlege gildet som vert halde på Englands monopol på verdsmarknaden og koloniane.»

Den 7. desember 1889 skreiv Engels til Sorge: »Det mest fråstøytande her (i England) er den borgarlege 'respektabiliteten' som har vakse arbeidarane langt inn i beina. . . Tilogmed Tom Mann⁵, som eg reknar som den beste av dei alle, er glad i å nemne at han skal ete middag med borgarmeisteren. Om ein jamfører dette med franskmennene, ser ein verkeleg kva ein revolusjon er godt for, når alt kjem til alt.» I eit brev datert 19. april 1890: »Men *under* overflata held rørsle (til arbeidar-klassen i England) fram, og femner om stendig vidare delar og i sær mellom dei *lågaste* (utheva av Engels) laga, der det har vore stillstand til no. Den dagen er ikkje lenger fjern då denne *massen* brått vil *finne seg sjølv*, då han vil vakne og sjå at han er ein ovstor masse i sig frametter.» Den 4. mars 1891: »Hamnearbeidarforbundet har ikkje greidd seg, og har falle saman. Dei 'gamle' konservative fagforeiningane, som er *rike* og derfor feige, står åleine att i felten. . .» 14. september 1891: På Fagforeiningskongressen i Newcastle tapte dei gamle fagforeiningsfolka, dei som var mot åttetimars-dagen »og dei borgarlege avisene ser dette som eit tap

for det *borgarlege arbeidarpartiet*» (utheva av Engels heile vegen) . . .

Desse ideane som Engels tok opp på ny og på ny gjennom fleire tiår, gav han og uttrykk for til ålmenta. Provet for dette er føreordet han skreiv til den andre utgåva av »*Vilkåra for arbeidarklassen i England*», 1892. Her talar han om eit »aristokrati i arbeidarklassen», om eit »priviligert mindretal i det arbeidande folket». »Eit lite, privilegert og omhegna mindretal» i arbeidarklassen var åleine om å ha »varig føremon» av at England hadde ei privilegert stilling i 1848–68. Men »stortalet av dei merka i høgda ei mellombels betring» . . . »Når (Englands industrielle) monopol bryt saman, vil den engelske arbeidarklassen tape den privilegerte stillinga dei står i . . .» Medlemene i dei 'nye' fagforeiningane, fagforeiningane for ufaglærde arbeidarar, »hadde den svære føremonen at sinnet deira var urörd mark, heilt fritt frå dei nedervde 'respektable' fordomanane som tyngde hjarnane til dei betrestilte 'gamle fagforeiningsfolka'». . . »Dei såkalla arbeidartalsmennene» i England er folk »som ein må orsaka at dei høyrer til arbeidarklassen fordi dei sjølve helst vil drukne særkjenna sine som arbeidarar i eit hav av sin eigen liberalisme . . .»

Vi har medvete valt å herme ganske mykje av dei tinga Marx og Engels har å seie om dette direkte, for at lesaren skal få høve til å studere dei *som heilskap*. Og dei bør bli studerte, det er verdt å tenkje dei grundig etter. For dei er *dreiepunktet* i taktikken for arbeidarrørsla under dei objektive vilkåra den imperialistiske tidebolken gjev.

Her òg har Kautsky freista å »leggje spørsmålet i tåke» og bytje ut marxismen med sentimental forsoning med opportunistane. Han argumenterer mot dei opne og truskuldige sosialimperialistane (folk

som Lensch⁶) som forsvarar at Tyskland er med i krigen med at dette hjelper til å øydeleggje monopolstillinga for England. Her brukar han ei openberr usanning til å »rette opp» ei like openberr usanning. I staden for ei kynisk usanning nyttar han ei mild usanning! Englands *industrielle* monopol er øydelagt for lengst, seier han, og difor er det ikkje meir å øydeleggje.

Kvifor er dette resonnementet usant?

Fordi det for det fyrste overser at England er eit *kolonialt* monopol. Og, som vi har sett, peika Engels klårt og tydeleg på dette så tidleg som i 1882, for trettifem år sidan! Englands industrielle monopol kan gjerne ha blitt øydelagt. Men det koloniale monopolet står ikkje berre att, det har blitt kraftig skjerpa, for heile verda er alt blitt delt opp! Ved hjelp av denne milde lygna smuglar Kautsky inn den borgarleg-pasifistiske og opportunistisk-spissborgarlege ideen om at »det ikkje er noko å stridast om». Tvert om, *kapitalistane* har ikkje berre noko å stridast om no. Attåt er det slik at dei *ikkje kan la vere* å stridast dersom dei ynskjer å halde kapitalismen oppe. For om dei ikkje får i stand ei ny oppdeling av koloniane med makt vil ikkje dei *nye* imperialistiske landa få tak på dei privilega dei gamle (*og veikare*) imperialistmaktene har kunna gle seg over.

For det andre, kvifor er det slik at monopolstillinga England har hatt kan forklåre at opportunisten (mellombels) har sigra i England? Fordi monopolstilling gjev *superprofittar*, dvs. eit overskot av profitt på toppen av dei kapitalistiske profittane som er normale og sedvanlege over heile verda. Kapitalistane kan ofre ein del (og ikkje nokon liten del heller!) av desse superprofittane på å mute (bestikke) *deira eigne* arbeidarar. Dei kan ofre dei på å skape ein slag allianse (hugs dei lukkelege »alliansane» mellom dei engels-

ke fagforeiningane og arbeidskjøparane som ekteparet Webb⁷ har skrive om) mellom arbeidarane i ein viss nasjon og deira kapitalistar *mot* dei andre landa. Englands industrielle monopol vart alt øydelagt mot slutten av det nittande hundreåret. Det er ingenting å diskutere. Men *korleis* vart det øydelagt? Vart *alt* monopol borte?

Dersom det var slik det hadde seg, då kunne ein gjerne seie at Kautsky sin »teori» om forsoning (med opportunistane) til ein viss mon var rettkomen. Men det er *ikkje* slik det har seg, og det er nettopp det det heile sviv om. Imperialisme *er* monopolkapitalisme.

Alle kartell, trustar, syndikat, alle kjempebankar *er* monopol. Superprofittane har ikkje blitt borte, dei finst framleis. At eit privilegert, finansielt rikt land syg ut *alle* andre land, det held og fram og er blitt meir intenst. Ein handfull rike land – det er berre fire av dei, dersom vi meiner sjølvstendig, verkeleg diger og »moderne» rikdom – har utvikla monopol i veldige dimensjonar. Dei tek inn *super*profittar som går opp i hundretals om ikkje tusentals, millionar. Dei »rir på ryggen» til hundretal på hundretal menneske i andre land og strir seg imellom om korleis dei skal dele det særskilt rike, særskilt feite og særskilt lett-takande bytet.

Dette er i røynda det økonomiske og politiske grunndraget ved imperialismen, og det er dei djupe motseiingane i dette Kautsky glattar over i staden for å avsløre.

Borgarskapet i ei imperialistisk »stor» makt *kan nytte økonomiske middel* til å mute (bestikke) dei øvste laga av arbeidarane »sine» ved å bruke eit hundre millionar francs eller noko slikt om året på det, for *super*profittane det får går truleg opp i eit tusen millionar. Og *korleis* desse



Lenin taler ved avdukinga av et monument over Marx og Engels på Revolusjonsplassen, Moskva, 7. november 1917.

sukkerbitane blir delte mellom arbeidarministrane, »arbeidartalsmennene» (hugs den strålende analysen Engels gav av dette uttrykket), arbeidarmedlemene i krigsindustrikomitear, arbeidarstenestemennene, arbeidarane i dei tronge, laugsprega foreiningane, kontortenestemennene osv., det er eit spørsmål i andre rekkje.

Mellom 1848 og 1868, og til ein viss mon seinare òg, var England åleine om å ha monopol. *Difor* kunne opportunismen rå der i tiår. *Ikkje noko* anna land hadde

korkje svært rike koloniar eller eit industrielt monopol.

I den siste tredelen av det nittande hundreåret kom overgangen til den nye, imperialistiske tidebolken. Finanskapitalen *ikkje* berre i ei, men i fleire stormakter, sjølv om dei er få, kan nyte godt av eit monopol. (I Japan og Russland er det slik at monopol på militærmakt, digre landområde eller god utveg til å røve nasjonale minoritetar, Kina osb., dels gjev noko attåt og dels gjer same nytten som eit moderne finanskapitalmonopol.) Dette skiljet forklårer kvifor England *kunne* halde på monopolstillinga si *utan trugsmål* frå nokon kant i tiår. Det moderne finansmonopolet er truga på det hardaste, tidebolken for imperialistiske krigar har teke til. Den gongen var det råd å mute og forderve arbeidarklassen i *eitt* land i tiår. No er dette lite truleg, kan hende uråd. Men på den andre sida kan *alle* imperialistiske »stor»makter mute *mindre* lag (mindre enn i England i 1848–68) av »arbeidararistokratiet», og dei gjer det og. Før i tida kunne eit »*borgarleg arbeidparti*», for å bruke det uvanleg djupe uttrykket til Engels, berre vekse fram i eitt land, fordi det var åleine om å ha monopol. Men på den andre sida kunne det vare lenge. No er eit »*borgarleg arbeidparti*» *ikkje til å kome utanom* og typisk i *alle* imperialistiske land. Men når ein ser det i høve til den desperate striden dei fører for å dele byttet, er det lite truleg at eit slikt parti kan halde seg lenge i mange land. Rett nok gjev trustane, finansoligarkiet, høge prisar osb. sjølve grunnlaget for å mute ein handfull i toppskiktet. Men samsfundes kuar og knuser, ruinerer og plagar dei *massen* av proletariatet og halvproletariatet.

På den eine sida har vi tendensen til at borgarskapet og opportunistane skapar ein handfull svært rike og privilegerte

nasjonar om til »evige» snyltarar på kroppen til resten av manneætta, slik at dei kan »kvile på laubæra» frå utsuginga av negrar, indiarar osb., og halde dei under åket ved hjelp av dei framifrå øydeleggjingsvåpna som den moderne militarismen har utstyrt dei med. På den andre sida har vi *massane* som er meir underkua enn før og ber alle bøkene av dei imperialistiske krigane. Hjå dei finn vi tendensen til å kaste av seg dette åket og styrte borgarskapet. Det er *ikkje* til å kome utanom at saga til arbeidarklassen no vil utvikle seg i kampen mellom desse to tendensane. For den fyrste tendensen er *ikkje* tilfeldig, det er økonomiske »grunnvilkår» for at han eksisterer. I *alle* land har borgarskapet allereide ale opp, fostra og sikra seg »borgarlege arbeidparti» av sosialsjåvinis-



tar. Skilnaden mellom eit klårt utforma parti, partiet til Bissolati⁸ til dømes, som er fullt ut sosialimperialistisk, og la oss seie det halvveges utforma nære-på-partiet til folk som Potresov, Gvozdzjov, Bulkin, Tsjekheidze, Skobolev og co.⁹, er ein heilt uviktig skilnad. Det avgjerande er at det er skapt økonomiske vilkår som har gjort eit lag av arbeidararistokratiet mogent til å gå over til borgarskapet og at dette no har skjedd. Og denne økonomiske kjensgjerning, dette omskiftet i klassetilknuttinga, vil få politisk form, i den eine eller den andre skapnaden, utan særlege »vanskar».

På den økonomiske grunnvullen vi alt har synt til har dei politiske institusjonane for den moderne kapitalismen — pressa, parlamentet, samskipnader, kongressar, osv. — skapt *politiske* privileg og bein for lydige, bøyelege, reformistiske og patriotiske kontortenenestemenn og arbeidarar, av same slaget som dei økonomiske privilega og beina som finst. Lønnsame og lette jobbar i statsstyret eller i krigsindustrikomitear, i parlamentet og ulike nemnder, i redaksjonane til »respektable», legale aviser eller i styre og råd i dei like respektable og »borgarleg-lovlydige» fagforeiningane — dette er det agnet det imperialistiske borgarskapet nyttar for å trekke til seg talsmenn og tilhengjarar for dei »borgarlege arbeidarpartia», og for å løne dei.

Mekanikken i det politiske demokratiet arbeider i same leia. Ingenting kan gjerast i vår tid utan val, ingenting kan gjerast utan massane. Og i vår tid med pretekunst og parlamentarisme er det *uråd* å vinne oppslutnad frå massane utan å ta systematisk i bruk mangelgreina og velutstyrt system av smiger, lygn, svik, trolling med moderne og populære slagord, og lovnader om alle slag reformar og velsigningar for arbeidarane til alle kantar —

berre dei lovar å la den revolusjonære kampen for å styrte borgarskapet ligge. Eg kan gjerne kalle dette systemet for lloyd-georgisme, etter den engelske ministeren Lloyd George,¹⁰ ein av dei fremste og mest hendige representantane for dette systemet i det klassiske landet for det »borgarlege arbeidarpartiet». Lloyd George er ein borgarleg manipulator av fyrste klasse, ein slu politiskar, ein folketalar som kan halde kva tale det skal vere, gjerne r-r-revolusjonære talar òg, til eit arbeidarmøte. Han er mann for å få fram monelege føremoner for lydige arbeidarar i form av sosiale reformar (trygder osv.). Ein slik mann tener borgarskapet på ein framifrå måte,⁺ og tener det nettopp *blant* arbeidarane, får makta frå borgarskapet fram nettopp *blant* arbeidarane, der borgarskapet treng henne mest og der det har størst vanskar med å kue massane moralsk.

+ Eg har nylig lese ein artikkel i eit engelsk blad av ein Tory, ein politisk motstandar av Lloyd George, som heitte »Lloyd George sett frå synsstaden til ein Tory». Krigen opna augo på motstandaren hans og fekk han til å skjønne kva for ein framifrå tenar for borgarskapet denne Lloyd George-karen er! Toriane har slutta fred med han!

Og er det så stor skillnad mellom Lloyd George og folk som Scheidemann, Legien, Henderson og Hyndman, Plekhanov, Renaudel og co.¹¹? Når det gjeld dei siste kan ein innvende at somme vil vende attende til den revolusjonære sosialismen til Marx. Det kan vere, men det er ein uviktig gradsskilnad om ein ser spørsmålet frå den politiske sida, det vil seie frå masse-sida. Visse einskildpersonar blant dei noverande sosialsjåvinistiske leiarane kan gjerne kome til å vende attende til proletariatet. Men det sjosialsjåvinistiske eller (og det er det same) opportunistiske *straumdraget* kan korkje bli borte eller



»vende attende til» det revolusjonære proletariatet. Kvar helst marxismen er populær blant massane, vil dette politiske straumdraget, dette »borgarlege arbeidarpartiet», sverje ved namnet til Marx. Ein kan ikkje forby det å gjere dette, nett som ein ikkje kan forby eit handelsfirma å nytte kva som helst slag merke, teikn eller reklameskilt. Det har alltid vore tilfelle i historia at når revolusjonære leiingar som var populære i dei underkua klassane er døde, då har fiendane deira freista å eigne til seg namna deira for å narre dei underkua klassane.

Kjensgjerninga er at »borgarlege arbeidarparti» allereide har teke form som eit politisk fenomen i *alle* dei fremste kapitalistiske landa. Og dersom det ikkje vert ført ein målmedveten og ubøyeleg strid over heile lina mot desse partia – eller gruppene, straumdraga osv., det er det same alt i hop – kan det ikkje kome på tale med nokon strid mot imperialismen, eller med nokon marxisme, eller med ei sosialistisk arbeidarrørsla. Tsjkheidzefraksjonen, *Nasje Djelo* og *Golos Truda*¹²

i Russland, og O.K.-tilhengjarane¹³ i utlandet er ikkje anna enn variantar av *eitt* slikt parti. Det finst ikkje den minste grunn til å tru at desse partia vil bli borte før den sosiale revolusjonen. Tvert om, desto nærmare revolusjonen vi kjem, desto sterkare han blussar opp og desto snøggare og meir valdsame og sterke overgangane og spranga han utviklar seg gjennom blir, desto viktigare blir kampen som den revolusjonære massestraumen fører mot den opportunistiske småborgarlege straumen for arbeidarrørsla. Kautsky-anisme er ikkje eit sjølvstendig straumdrag, for det har korkje røter i massane eller i det privilegerte laget som har gått over til borgarskapet. Men det fårlege ved kautskyanismen er at han nyttar ideologien frå i går, for å freiste å forsone proletariatet med det »borgarlege arbeidarpartiet», å halde proletariatet samla om dette partiet, og dermed gje det større ry. Massane fylgjer ikkje lenger dei opne sosialsjävinistane: Lloyd George er blitt pipe ut på arbeidarmøte i England, Hyndman har gått ut av partiet, folk som Renaudel og Scheidemann, Potresov og Gvozdjov står under vern frå politiet. Den tildekte måten Kautsky vergjer sosialsjävinistane på er langt fårlegare.

Ein av dei vanlegaste utpekulerte frasaane frå kautskyanismen er å vise til »massane». Nei, vi ynskjer ikkje å bryte med massane og masseorganisasjonane, seier dei! Men hugs berre på korleis Engels stilte spørsmålet. I det nittande hundreåret sto »masseorganisasjonane» til dei engelske fagforeiningane på side med det borgarlege arbeidarpartiet. Marx og Engels slo seg ikkje til ro med det på dette grunnlaget, dei avslørte det. Dei gløymde for det fyrste ikkje at fagforeiningsorganisasjonane berre femnde om eit *mindretal i proletariatet*. I England den gongen som i Tyskland no var ikkje meir

enn ein femdel av proletariatet organisert. Ingen kan på ålvor meine at det er råd å organisere fleirtalet av proletariatet under kapitalismen. For det andre — og det er hovudpunktet — er det ikkje så mykje eit spørsmål om kor stor ein organisasjon er, som om kva det verkelege, objektive innhaldet i politikken han står for er: Representerer politikken massane, tener han massane, dvs. har han som mål å gjere dei frie frå kapitalismen, eller representerer han interessene til mindretalet, mindretalet sitt ynskje om å forsone seg med kapitalismen? Det siste galdt for England i det nittande hundreåret, og det gjeld for Tyskland osb. no.

Engels dreg eit skilje mellom det »borgarlege arbeidarpartiet» til dei *gamle* fagforeiningane — det privilegerte mindretalet — og dei »*lågaste*» massane, det verkelege fleirtalet. Og han vender seg med tiltru til dei siste, som *ikkje* er smitta av »borgarleg respektabilitet». Dette er grunnleggjande marxistisk taktikk!



Korkje vi eller nokon annan kan rekne ut kor stor del av proletariatet som følgjer eller vil følgje sosialsjavinistane og opportunistane. Det vil først bli avgjort av kampen, det vil først bli endeleg avgjort av den sosialistiske revolusjonen. Men vi veit heilt visst at dei som er for »fedrelandsforsvaret» i den imperialistiske krigen berre *representerer* ein minoritet. Og difor er det ei plikt for oss om vi framleis vil vere sosialistar å gå *lenger ned* og *djupare*, til dei verkelege massane: Her har vi heile meininga med kampen mot opportunisten og heile innhaldet i denne kampen. Vi må avsløre at opportunistane og sosialsjavinistane i røynda svik og sel interessene til massane, at dei verjar dei privilegia som eit mindretal av arbeidarane har for ei viss tid. Vi må avsløre at dei ber fram ideane til borgarskapet og makta deira, at dei eigentleg er allierte med borgarskapet og agentar for det. På den måten lærer vi nettopp massane til å sjå kva interesser dei verkeleg har. Vi lærer dei å kjempe for sosialismen og revolusjonen gjennom alle dei lange og pinefulle omskifta i den imperialistiske krigen og den imperialistiske våpentillstanden.

Vi må gjere det klart for massane at ein ikkje kjem utanom eit brot med opportunisten, og at det er naudsynt å bryte. Vi må skolere dei til revolusjonen gjennom omsynslaus kamp mot opportunisten. Vi må dra lærdom av røynselene frå krigen for å avsløre alt det simple ved den nasjonalliberale arbeidarpolitikken, ikkje for å maskere det. — Dette er den einaste marxistiske linja i den internasjonale arbeidarrørsla.

Skrive i oktober 1916, prenta i Sbornik Sotsial-Demokrata nr. 2, desember 1916. Omsett frå engelsk etter Lenin: Samla verk, band 23, s. 111–120.

NOTER:

1. **Legien**, Karl (1861–1920). Tysk høyre-sosialdemokrat, fagforeningsleder, revisjonist.
- David**, Eduard (1863–1950). Leder for de tyske høyre-sosialdemokratene, en revisjonist.
- Plenkhanov**, Georgi Valentinovich (1856–1918), Framstående leder av den russiske og internasjonale arbeiderbevegelse. Den ledende russiske marxist før Lenin. Samarbeidet med Lenin bl.a. i redaksjonen for Iskra. Sluttet seg til Mensjevikene etter 1903. Endte som sosialsjåvinist under første verdenskrig, og stilte seg negativt til Oktoberrevolusjonen..
- Potresov**, Alexander Nikolayevich (1869–1934). En av Mensjevik-lederne.
2. **Sorge**, Friedrich Adolf (1828–1906). Tysk sosialist, fremstående leder av den internasjonale arbeider- og sosialistbevegelse. Venn og medarbeider av Marx og Engels.
3. **Hales**, John (f. 1839). Leder i engelsk fagbevegelse. Sekretariatsmedlem i I. Internasjonale. Tilhørte reformistfløyen, knyttet seg stadig nærmere reformister, ideologer for småborgerskapet og arbeideraristokratiet. Sidney Webb var en av til det liberale borgerskapet i England.
4. **Kautsky**, Karl (1854–1938). En av lederne i det tyske sosialdemokratiske partiet og i 2. Internasjonale. Startet som marxist, forlot marxismen og ble ideolog for sentrismen, (Kautskyismen), en av de opportunistiske retningene i arbeiderbevegelsen.
5. **Mann**, Tom (1856–1941). Fremstående leder i engelsk arbeiderbevegelse. Aktivt engasjert i nye fagforeningsbevegelse i 1880-åra, organiserte en rekke streiker. Var med og grunnla The Independent Workers' Party i 1893, tilhørte partiets venstre fløy. Internasjonalist og ledende organisator av de engelske arbeideres kamp mot intervensjon i Sovjet etter første verdenskrig. Medlem av Englands kommunistparti fra starten.(1920)
6. **Lensch**, Paul (1873–1926). Tysk sosialdemokrat, sjåvinist. Ekskludert fra det sosialdemokratiske partiet etter krav fra medlemsmassene i 1922.
7. **Webb**, Beatrice (1858–1943) og Sidney (1859–1947). Engelske skribenter, grunnleggerne av den reformistiske Fabian Society, og medlem av Labour-regjeringer (1924, 1929–31). Venner av Sovjetunionen.
8. **Bissolati**, Leonida (1857–1920). En av grunnleggerne av det italienske sosialistpartiet, og leder av partiets ytterste høyre fløy. Sosialsjåvinist under første verdenskrig.

9. **Gvozdjov**, Kuzma Antonovich (f. 1883). Mensjevik — likvidator. Sosialsjåvinist under første verdenskrig. Bl.a. arbeidsminister i borgerlige provisoriske regjering i Russland 1917.
- Bulkin**, Feydor a. (f. 1888). Mensjevik, sluttet seg til SUKP(b) i 1920. Ekskludert 1922 (tilhørte «arbeider»-opposisjonen).
- Tsjkheidze**, N.S. (1864—1926). Mensjevik, deputert til den tredje og fjerde riksdumaen (leder for mensjevik og likvidator-fraksjonen i den fjerde dumaen). Sentrist under den første verdenskrigen. Støttet den borgerlige provisoriske regjeringa aktivt etter februarrevolusjonen i 1917. Leder for den borgerlige kontra-revolusjonære regjeringa i Georgia etter Oktober-revolusjonen. Emigrerte i 1921 da sovjetstyret ble etablert i Georgia.
- Skobolev**, Matvei Ivanovich (1885—1939). Mensjevik. Medlem av den borgerlige provisoriske regjering i 1917. Brøt med mensjevikene etter Oktoberrevolusjonen.
10. **Lloyd George**, David (1863—1945). Engelsk statsmann og diplomat, leder av Liberal Party. Finansminister 1908—15, førsteminister 1916—22.
11. **Scheidemann**, Philipp (1865—1939). En av lederne for ytterste høyrefløy i det tyske sosialdemokratiske parti. Ledet koalisjonsregjeringen i Weimar-republikken 1919. En av de som sto i spissen for undertrykkingen av arbeideroppstanden 1918—21.
- Henderson**, Arthur (1863—1935). Ledende i engelsk Labour Party og i fagbevegelsen. Sosialsjåvinist. Medlem av flere britiske regjeringer.
- Hyndman**, Henry Mayers (1842—1921). Engelsk reformist. Grunnleggeren av Democratic Federation (1881), omorganisert til Social-Democratic Federation i 1884. Sosialsjåvinist, fiende av Oktober-revolusjonen, ivret for intervensjon i Sovjetunionen.
- Renaudel**, Pierre (1871—1935). En av de reformistiske lederne for det franske sosialistpartiet.
12. **Nasje Djelo** (Vår sak). Mensjevikisk månedsblad, hovedorgan for de russiske likvidatorer og sosialsjåvinister. Utgitt i Petrograd 1915.
- Galos Truda** (Arbeidets røst). Legal mensjevikavis, utgitt i Samara i 1916 (kom bare i tre nr.).
13. **O.K.** — **Organiserings - komiteen**. Det ledende sentret for mensjevikene som ble dannet i 1912 ved augustkonferansen for mensjevik-likvidatorene og alle partifiendtlige grupper og retninger.

Internasjonalt

Kva hender i Portugal? (2)

Portugal sidan aprilkuppet – eit lærestykke om den moderne revisjonismen

Fascistgeneralen Spinola »overraska» verda med å ta PCP – revisjonistpartiet – med i regjeringa etter kuppet i Portugal 25. april 1974. Hendingane seinare har på nytt prova at marxist-leninistane si analyse av den moderne revisjonismen er rett. Revisjonistane står for statsmonopolkapitalisme og kontrarevolusjon, er borgarar sjølve, og arbeider attåt for supermakta Sovjet.

I Røde Fane nr. 3/75 hadde vi ein artikkel om dei hendingane som førte fram til militærkuppet i Portugal 25. april 1974. Artikkelen var skriven av ein kamerat som har vore i landet fleire gonger den siste tida. Han drøfta særleg *klassebakgrunnen* for kuppet, og synte samanhengen mellom denne bakgrunnen og den typen reformar som det nye militærstyret gjennomførte.

I dette nummeret prentar vi den andre artikkelen av den same kameraten. Her tek han for seg den rolla det portugisiske revisjonistpartiet – PCP – har spela etter maktskiftet i fjor.

Dette er svært viktige spørsmål for alle kommunistar og revolusjonære. Motseiingane mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet kvessar seg til. Rivaliseringa mellom dei vil utan tvil føre til ein ny verdskrig. Sosialimperialismen er på offensiven i dag, politisk, økonomisk og militært. Hovudmålet deira i kampen for hegemoniet i verda er Europa. Framferda til revisjonistane i Portugal er ei førevarsel om kva slag taktikk dei sosialimperialistiske agentur-partia legg opp til i kampen for makta under dei vilkåra som no rår.

1. Kvifor har revisjonistane vunne fram i MFA

»... det var general Spinola sjølv som til vår store undring valde ut og kalla Alvaro Cunhal til å vere med i den provisoriske regjeringa (etter 25. april 1974) (...) og då vi ga til kjenne våre reaksjonar og spurde han kva som ville seiest internasjonalt når eit så framstående medlem av PCP vart kalla til regjeringa, svara Spinola kaut: »Eg er mykje meir demokratisk enn dykk, eg står langt til venstre for rørsla (MFA), eg er mykje meir progressiv og eg garanterer dykk at de ikkje har nokon grunn til otte.»

Dette sitatet er henta frå ei bok av ingen ringare enn militærstrategen attom 25. april-kuppet, Otelo Saraiva de Carvalho, medlem av generaltroikaen, sjef for trygingsstyrkane COPCON¹. Det er såleis ei høgst autoritativt kjelde, og ingen har freista demtere det Carvalho skriv.

Korleis kan det ha seg at nett Spinola, den gamle, fascistiske generalen, økonomisk og familiært samanbunden med dei to

største monopola i Portugal (CUF og Champalimaud), var den som trumfa igjennom at leiinga i revisjonistpartiet PCP vart henta heim frå 13 års eksil i Moskva og sett inn i statsleiinga i Portugal? Hadde han svike si eiga klasse og stilt seg på proletariatet si side? Eller var han naiv og dum?

Ingen av delane. Tvert om, monopolborgarskapet og Spinola satsa medvite og med opne auge på PCP av di dei hadde skjønna PCP sin borgarlege klassekarakter. Dei kalla heim ein *alliert*, ikkje ein fiende. Imperialistar verda over – t.d. Occidental Oil, Chase Manhattan Bank, Fiat, Pepsi Cola, Akergruppen, osb. – har for lenge sidan funne ut at dei har klassebrør i dei nye tsarane i Kreml. Dei ser »nye og interessante marknader» i aust. Spinola tilhøyrer nett denne monopolkapitalistgruppa. Og han var viljug til å satse på det borgarlege partiet som best kunne hindre


arbeidarklassa i å gjere oppreist. I Portugal var det PCP, jamvel om Spinola også kalla inn sosialdemokratane for å spele på fleire kort.

IKKJE BERRE EINSKAP

Men det er ikkje berre einskap mellom kapitalistar, motsetnadene er og kvasse. Spinola kalla seg »demokrat og progressiv» at di han meinte samarbeid med statskapitalistane i Sovjet og agentane deira i PCP. Men han undervurderte samstundes styrken deira og fekk ein gaukunge i reiret. PCP sette seg straks oppgåva å leie eit *nytt* borgarskap i Portugal, sett saman av gamle,

fascistiske teknokratar, revisjonistar og ulike opportunistar. Dette borgarskapet skulle stø seg på statsmonopolkapitalisme. For å bygge det opp snøgt måtte ein gå over nokre privatkapitalistar sine »lik» – Spinola sjølv vart ein av dei som »gaukungen» sparka ut av reiret.

Det vi har sett hende i Portugal til no er berre første akt av det dramaet borgarskapet i blå og raud frakk spelar i Portugal, på det arbeidande folket sin kostnad. Kven som dreg det lengste strået, førebels, står att å sjå. Det eg vil ta opp til gransking her er kva politikk den moderne revisjonismen har ført det første året etter kuppet i 1974.



PROLETARDIKTATURET UT AV PROGRAMMET.

Cunhal avsver proletardiktaturet på revisjonistpartiet sin ekstraordinære kongress 20. oktober 1974. Her hang det store portrett av Marx, Engels og Lenin bak talarstolen i kongress-salen. Eit progressivt blad kommenterte kongressen med denne serien. (Førhald neste side.)

PCP sin teori og praksis bør følgjast nøye av alle progressive: det er døme på korleis sosialimperialismen og revisjonismen av i dag ber seg åt når dei er *på offensiven*. Portugal er i så måte eit eksperiment. Sosialimperialistisk taktikk vil hauste lærdomar frå Portugal, lærdomar dei vil tillempe andre stader.


KVIFOR KOM APRILKUPPET 1974?

Årsakene til den krisa som leidde fram til aprilkuppet er drøfta i Røde Fane 3/75. Berre for å minne om hovudsakene:

– *Kolonipolitikken* hadde slege feil andsynes dei sterke frigjeringsrørslene i

Afrika. Dette gav opphav til stor misnøye i heren.

- Monopoliseringa og den korporative staten i Portugal hadde etter kvart vorten eit trugsmål mot profitttrata. Låg produktivitet og lite »dynamisk næringsliv» var resultatet.
- Krigsøkonomien styrkte desse tendensane, med di den slukte halvparten av den disponible statlege kapitalen.
- Staten som *felleskapitalist* hadde vorte lite utvikla, og dimed infrastrukturen.
- Etter som den fascistiske statsforma ikkje let seg »reformere» bort, måtte borgarskapet satse på ei drastisk end-



ring, ein »revolusjon». Offisersrørsla MFA fekk spelerom til å utføre »snittet». Rørsla vart sett på som både tilstrekkeleg »radikal» og tilstrekkeleg borgarleg til oppgåva. Med storborgaren Spinola som velsignar og garantist let ein det stå til og gjennomførte kuppet.

Klassekarakteren av kuppet er dimed borgarleg. Det galdt å *berge* kapitalismen, ikkje å avskaffe han. Det galdt å løyse krisa for borgarskapet, ikkje å mobilisere massane til kamp mot borgarane på grunnlag av krisa. MFA, som utøva det militære diktaturet, var ikkje kontrollert av arbeidarane, men skulle garantere kontrollen av arbeidarklassen.

Sprikande taktiske liner kom snart til syne mellom dei som hadde gripe makta. Spinola ville ha ei ny-kolonialistisk line i Afrika, varleg framferd mot dei gamle fascistane og moderate statlege inngrep i privatøkonomien. MFA-offiserane ville løyse alle formelle band mellom Portugal og koloniane, ein gong for alle. Dei la opp til ei »nasjonal forsoningsline» når det galdt fascistane – men dei let seg i ein viss mon presse av folket til »saneringar» av fascistar. I spørsmålet om krise-inngrep i eigedomstrukturen i økonomien gjekk dei etter kvart lenger enn deira egne planer. Dette skuldast både påverking frå revisjonistane, djupna av krisa i borgarskapet i Portugal, forverringa av den internasjonale krisa og – til ein viss grad – uklok framferd frå fraksjonar av borgarar (kuppfreistnaden 11. mars som førte til at m.a. Spinola måtte rømme landet). Eit døme: der handlingsplanen (sjå Røde Fane 3/75) ville nasjonalisera ein liten del av bankvesenet, slo ein etter 11. mars til og nasjonaliserte heile den portugisisk – åtte banksektoren.

UTVIKLINGA I MFA

MFA radikalisererte språkbruken etter som tida gjekk. Den første tida etter kuppet var programmet »antimonopolisme

og rettferd for dei dårlegast stilte». Seinare definerte MFA seg som »sosialistisk», og i juni i år utropte MFA seg til »frigjeringsrørsle for det portugisiske folket», med målet »å bygge sosialismen og nå fram til det klasselause samfunnet som ein vil få ved å kollektivisere produksjonsmidla og eliminere alle former for at menneske utbytтар menneske . . .»² At dette »venstrevridde» programmet er absurd – det vart vedteke av 240 meir eller mindre borgarlege offiserar i eit lukka møte – er ei sak. At meininga med det er det motsette, nemleg å hindre arbeidarklassa i å ta opp kampen for sosialismen, vert klårt når MFA ramsar opp dei harde tiltaka dei vil ta mot »venstristar» – mellom anna »væpna aksjonar» – og når dei slår fast: »MFA fordømer altså innføring av sosialismen på valdeleg eller diktatorisk vis.» Men det viktigaste var likevel at MFA på denne tida var komen under revisjonistisk kontroll. Handlingsplanen i februar tilsvara nokså nøye programmet til sosialdemokratane, den hardare politikken som vart køyrd i røynda tilsvarar PCP si linje: snøgg oppbygging av statsmonopolkapitalismen.

Det hadde skild seg ut fleire grupper i MFA. På den eine sida sto sosialdemokratane av ymse slag, med to skilde politiske liner: ei for nær tilknytning til vestleg kapitalisme, serleg EEC-landa, og ei »tredje verda»-line, meir innstilt på reelt nasjonalt sjølstende enn hine. Utanriksminister Melo Antunes vart rekna som talsmann for denne siste lina.

På den andre sida sto revisjonistane, med statsminister Vasco Concalves som fremste mannen. Mellom desse to »polane» fanst ei stor gruppe småborgarlege »radikale», mellom dei COPCON-sjefen Carvalho. I denne gruppa støyte ein på idear av ymist opphav, anarkisme, »sosialisme» a la Peru, »sterk mann-sosialisme» a la Libya, osv. Når fleire og fleire av desse i røynda



Revisjonistane freistar å skape illusjonar om kva nasjonaliseringane er. På muren til portugisiske storbankar har dei måla »Banco do Povo. Viva a Nacionalizacão!» – »Folket sin bank – leve nasjonaliseringa!»

enda opp med å støtte revisjonistane på konkrete saker, er det i alle fall desse to momenta å trekke fram: revisjonistane hadde ein klår og konsekvent politikk, ei stram line dei fylgde – statsmonopolkapitalismen. Og vidare – mange av offiserane hadde med tida fått posisjonar i det nye statsmonopolbyråkratiske borgarskapet nasjonaliseringane var i ferd med å skape. Dei får materielle grunnar for å støtte revisjonismen.


MFA OG PCP SVERTAR KOMMUNISMEN TIL

Kampane og uroa i Portugal etter 11. mars og fram til no (10. august) har altså dette grunnlaget: mot den statsmonopolkapitalistiske lina mobiliserte sosialdemokratane (med dei opne borgarlege partia på slep) til kamp for ei »blandings-økonomi»-line som vil gje privatkapitalen lenger tid på seg og såleis utsetje det statsmonopolkapitalistiske diktaturet. Dette tilsvara og kampen mellom dei to

imperialistiske supermaktene Sovjet og USA om å få, resp. halde Portugal innafør sitt hegemoniområde.

Kven av desse to som hadde fleirtalet av folket attom seg var det aldri tvil om. Oppslutninga om revisjonistane hadde lenge vore fallande på gallup, i fagforeiningar, i masseorganisasjonar av ymse slag. Samstundes forverra økonomien seg fort. I juni var arbeidsløysa minst 10 %. Produksjonen hadde minka 6 % frå året før. Underskotet på betalingsbalansen med utlandet tærte på reservane, slik at dei er rekna å ta slutt i oktober. Inflasjonen har for lenge sidan spist opp den løneauken som vart gjeven straks etter kuppet. Krisa vart velta over på arbeidsfolk, som meir og meir fekk opp augo for gapet mellom venstrefrasene til MFA og PCP og den verkelege verda, på alle vis.

For å nemne eit døme: slumbyane rundt Lisboa og Porto berre veks og veks. Den einaste reforma »sosialismebyggjaren» MFA har kome med er at folk i slumbyane



Proletários de todos os países: **VOS!**

Red. / Adm. - Av. Santos Dumont, 57-3.º - Tels. 769705-769744-769745

grafia, S. A. R. L.

TRABALHO REVOLUCIONÁRIO
TRABALHO VOLUNTÁRIO,
DO PORTO ATÉ BRAGANÇA
FAZER DO TRABALHO
ACTO REVOLUCIONÁRIO

»Avante«, hovudorganet til PCP, propagerer side opp og side ned om »Slaget om produksjonen»: »Revolusjonært arbeid – frivillig arbeid», »Gjer arbeidet til ei revolusjonær handling». M.æ.o.: Skap meir profit for borgarskapet!

kan få gratis murstein og sement for å gjere bølgeblikkskura sine betre. Men dette er ikkje å løyse bustadproblemet for folk, det er å gjere slumtilværet *permanent* for dei. Og dette er inga lita sak. Berre i Lisboa reknar ein at 100–150 000 menneske bur i slum (somme seier endå meir).

Den tiltrua folk flest fikk til MFA av di dei avskaffa fascismen hadde vorte meir og meir tynnsliten, og vende seg til open mistillit. Militærmakt mot demonstrasjonar, framlegg om ein hardhendt presse-sensur »utreinskingar» av »moderate» i

MFA, osb. skjerpa berre motstanden. Anten endskapen blir at MFA tar steget fullt ut, saman med revisjonistane, og innfører eit sosialfascistisk diktatur, eller revisjonistane taper kampen om makta i MFA, er det i alle fall eit faktum at dei breie massane har avslørt revisjonismen. Men ettersom han er marknadsført som »kommunisme», og av di arbeidet med å avsløre denne falske »kommunismen» er kort kome, må PCP bere det doble ansvaret for både å ha svike massane og å ha sverta kommunismen sitt namn.

2. Portugals «kommunistparti» -eit revisjonistparti som strir for makta!

Kva er det som sermerker den portugisiske revisjonismen? Kva kan ein lære om den moderne revisjonismen gjennom det portugisiske eksemplet?

Då Spinola kalla heim Cunhal for å ta på seg oppgåva som leiar for arbeidararistokratiet i Portugal, såg han kan hende for seg eit PCP som var på lag som det italienske revisjonistpartiet, med reformisme og parlamentarisme som dei viktigaste kjennemerka. Men PCP synte seg snart å stå for ein *offensiv revisjonisme*, eit parti som utan større hemningar kasta seg ut i politikken *med målet å ta makta*. Både i demagogisk språkbruk og i konkret handling ser ein dette.

NYE TONAR OM DEMOKRATI OG DIKTATUR

Parlamentarismen, til dømes. Rett nok slår programmet fast at PCP står for «frie val». Men ein talar ikkje om å «vinne arbeidarfleirtal», o.l. I staden har PCP heilt frå då gallupar synte at partiet ikkje ville gjere det godt ved valet i vår systematisk spreidd busk-propaganda *mot* å legge vekt på valresultat.

Likeins med «proletariatet sitt diktatur». Dette sto på PCP sitt program heilt til kongressen i oktober 1974, og vart då strøken med denne grunngjevinga: *«Uttrykket diktatur vil ikkje lette forst-*

Daglegliv i Portugal. Revisjonistane i Arbeidsdepartementet set inn sjokkpolitiet COPCON for å stanse ein streik. Her gjeld det telefonselskapet TLP.



ånga av partiet sin politikk eller gjennomføringa av oppgåvene våre, etter 50 år med fascistisk diktatur, og i den svært spesielle situasjonen vi no har.»³ Samstundes vert det åtvare mot å tolke endringa »ideologisk», og »proletariatet sitt diktatur kan ha mange former». I buskagitasjonen om dette kjører revisjonistane lina med at »eigentleg er vi for», »personleg er eg ikkje samd i at vi strauk det av taktiske grunnar», o.l. Bortsett frå at dette er ein taktikk som skapar noko forvirring mellom sume ærlege revolusjonære, meiner eg det er grunn til å legge meir i dette enn opportunistisk demagogi.

Eg vil sjå det i samanheng med det faktum at Moskva er i ferd med å kjøre fram med nye tonar. I Pravda 6/8 i år går varamedlemet i SUKPs SK, Zarodov, mot taktikken med å vinne makta gjennom »borgarlege» val, mot lina med »einskap for einkvar pris». I staden må »kommunistane» slåst for proletariatet sitt diktatur. Han skriv: *»Den revolusjonære karakteren til dette diktaturet består i at det tek i bruk makt for å knuse reaksjonen og tryggar at folket sine demokratiske ønske vert oppfylt. Den demokratiske karakteren består i at det uttrykker viljen og interessene til fleirtalet av arbeidsfolk.»* Dette fleirtalet vert skapt *»i prosessen med folkemassane sin direkte, revolusjonære aksjon.»⁴*

»DIREKTE AKSJON» VIL SEIE KUPP!

Korleis skal ein tolke dette, når det kjem frå ein sosialfascist som Zarodov? Eg finn det rimeleg å lese det som den ideologiske innleiinga til ein mykje meir offensiv sosialimperialistisk taktikk i Europa. I staden for at revisjonistane sit og ventar, val etter val, på fleire parlamentplassar, *opnar dette for revisjonistisk maktovertaking gjennom »direkte aksjon», det vil seie kupp, o.l.* Eller for å vere konkret:

sosialfascistiske diktatur (sosialisme i ord, fascisme i innhald) kan innførast med hjelp av t.d. militære fraksjonar (»rørsler») av MFA sin type.

Ein slik taktikk må sjåast i samband med skjerpinga av kampen mellom dei to imperialistiske supermaktene i Europa. Denne skjerpinga vil gjere dei politiske tilhøva i Vesteuropa ustabile, serleg om ein tek den økonomiske krisa med i rekninga. Vi må vere budde på snøgge omslag og ein god del forvirring. M.a.o. *nett slike situasjonar som den PCP har freista utnytte i Portugal.*

Her kan det vere grunn til å avlive ein myte: at PCP var så sterkt, hadde så god utgangsposisjon i Portugal, osb. Tvert om var det eit heller *lite* og mykje »forgubba» parti som vart legalt i april i fjor. 5000 medlemmer, seier dei sjølve, men truleg var det færre. Dei hadde eit lite forsprang på andre parti (t.d.PS) når det galdt organisasjonsstruktur, men til gjengjeld vanta ein ei fagrørsle med omfattande grep om arbeidarklassa, ein vanta presse, ein vanta ein propagandistisk tradisjon – og mangt anna. Samanliknar ein PCP med PCF (Frankrike) til dømes, er PCP berre barnet, på alle område. Er Frankrike meir stabilt enn Portugal? Tenk på mai 1968! Kva hadde hendt om PCF ikkje hadde gått mot oppreisten, men i staden hadde freista stille seg i brodden for han, fange han opp og innføre »proletariatets diktatur» med »direkte aksjon»? Ville Frankrike hatt eit revisjonistisk, sosialfascistisk diktatur i dag?

PROGRAMMET – REVISJONISMENS INTERNASJONALE STRATEGI

Grunndraga i PCP sitt program er elles likt det vi kjenner frå alle dei vesteuropeiske revisjonistane. PCP definerer den noverande etappen som *»demokratisk og nasjonal»⁵*. Hovudsaka å *»trygge og*



PORTO, 27 de Maio de 1975

Ao Camarada:
José Maria Magalhães Leite

Considerando que pelas posições por ti tomadas, infringiste os estatutos do nosso Partido, como prevê o artigo 34º, e o Comité de classe dos Metalúrgicos vem comunicar-te que em conformidade com os artigos 35º e 36º, te encontrares suspenso de toda a actividade do Partido, até apuramento cuidadoso, dos factos ocorridos na empresa, nos quais a tua actuação não corresponde à disciplina e orientação do Partido.

Pelo Comité de Classe dos
Metalúrgicos do Partido Comunista Português

stabilisere den demokratiske staten», alt medan ein fører «anti-monopolistisk kamp», dvs. bygger opp ein omfattande statsmonopolkapitalistisk sektor, statleg kontroll på alle område. Samstundes krev PCP «stimulering og garantiar for utanlandske investeringar», serleg i såkalla «blanda selskap» (joint ventures), ei form sosialimperialismen meir og meir tar i bruk for ekspansjonen sin. Programmet kritiserer «høgre-opportunistane» (sosialdemokratane?), men tar serleg hardt på «venstristiske tendensar som bles til kamp mot Den Provisoriske Regjeringa og MFA og mot den demokratiske utviklinga som pågår.»

Under stabiliseringa skal Portugal ta fleire og fleire steg i «sosialistisk lei». Til sist, «med det portugisiske samfunnet si klassesamansetting og tyngda av industri- og landproletariatet, vil gjennomføringa av den demokratiske og nasjonale revolusjonen skape gunstige tilhøve for ein fredeleg overgang til sosialismen.»

PCP-programmet gjer eit stort vesen av at «Portugal må styrke banda sine til det

Det portugisiske revisjonistpartiet: Brot på partidisiplinen å stø arbeidarklassen! 4 medlemmer i Porto fekk brev som dette: «med det standpunktet du har teke har du brote partilovene... du er suspendert frå all verksemd i partiet... du har ikkje handla i samsvar med disiplinen og lina til partiet.»

Kva dei hadde gjort? Dei hadde røysta for streik i den statlege petrokjemiske fabrikk SACOR i Porto. Berre to arbeidarar røysta mot streik (revisjonistar, sjølsagt). Det vart full siger for arbeidarane i denne streiken. At PCP-cella sprakk var ein viktig faktor for samhaldet – og dermed sigeren.

sosialistiske lægeret») (= dei sosialfascistiske landa i Austeuropa), og dette skal gje landet «gunstige handelsavtalar og slikt kulturelt og teknisk samarbeid som er naudsynt for utviklinga i landet.» Stjerneargumentet for at Portugal må knyte seg nærare fast til sosialimperialismen er at landet kan stø seg på «Sovjetunionen sitt militærpotensial» som er ein garanti for «å hindre at det bryt ut ein ny verdskrig»(!)

Ved sida av alt dette finn ein sjølsagt mykje prat om «demokrati», «arbeidarmakt», «antifascistisk kamp» – for ikkje å nemne alle dei reformane PCP har laga ønskeliste på. Men her er det vi må sjå på kva revisjonistane har gjort, meir enn å lite på orda deira. Og då finn vi at på alle dei viktige områda har PCP konsekvent gått mot arbeidarklassa sine interesser. Heile hovudlina har vore nett den som Spinola tiltenkte partiet: å hindre massekampen, demobilisere arbeidarklassa, kontrollere og stanse alle tiltak som gjekk mot borgarklassa (gamal og ny) sine interesser. La oss granske nokre av dei viktigaste kampområda.

3. PCP: Reaksjonær teori – reaksjonær praksis

Den antifascistiske kampen.

Folkemassane i Portugal kravde og krev at dei gamle fascistane skal stillast til ansvar, at dei skal bort frå alle leiande postar, at dei verste forbrytarane mellom dei skal straffast hardt, osv. I prinsippet stør PCP dette, medan dei i røynda arbeider febrilsk for å sabotere denne kampen. Det finst tusenvis av døme på at revisjonistane orsakar fascistane, vernar dei, medan dei manar folk til »atterhald» og »neste kjærleik.» Nokre døme:

- Arbeidarane i avisa »Jornal do Comercio» streika for å få »sanert» (fjerne) den forhatte disponenten, Carlos Machado, ein kjend fascist. PCP rykte ut og freista på alle vis sabotere streiken. Hovudkravet – saneringa av Machado – kalla dei »fullstendig sekundært». Arbeidarane vart truga med at streiken var »reaksjonær», han »sette nasjonaløkonomien i fære», osv. PCP-organet »Avante» gjekk i krasse ordelag mot ein solidaritetsstreik som vart sett i verk av arbeidarane i nestan alle Lisboa-avisene. Seinare kom det fram at Machado var innblanda i kuppfreistnaden 28. september i fjor. Då laut sjølv PCP gje opp forsvaret av han.

- Eit anna, svært typisk døme: i byen Moita kravde fleire masse møte at lista over dei 51 medlemmene i fascistpartiet ANP skulle gjerast offentleg kjent. Revisjonistane saboterte dette av all kraft. Serleg aktiv var ordføraren, ein revisjonist med

det forvitnelege namnet Stalin de Jesus. »Lista er ikkje komplett», sa han til den rasande folkemengda. »Dei kjem så snart dei er klare.» Dei kom aldri. I staden kom ei stutt melding: »Partia PCP, MDP (støtteparti for PCP) og PS har hatt møte og vedteke at lista ikkje skal gjerast kjend.»⁶ Det var det.

- Det vart sett ned ein kommisjon som skulle granske og øydelegge dei veldige arkiva til det fascistiske hemmelege politiet, PIDE. Revisjonistane har trenert arbeidet og etter kvart skvisa ut alle i kommisjonen som ikkje er PCP-medlemmar. Kvifor? Jo, dermed sit PCP med kontrollen av alt materiale PIDE hadde om opposisjonelle og revolusjonære under fascismen.

- Samstundes var PCP med i den regjeringa som let dei største fascistane, Caetano og Tomas, m.fl., reise frå landet. Dei har gått mot å oppløyse dei to forhatte politiorganisasjonane PSP og GNR, bae *dominert* av fascistar. I staden vil PCP smelte dei saman – som om det endra folka i dei.

PCP vernar det gamle, fascistiske statsapparatet

I det siste halve året er det serleg »teknikarar», dvs. fascistiske tenestemenn i stats- og lokaladministrasjonen PCP har teke i forsvar. »Vi kan ikkje vere utan dugleiken deira», seier revisjonistane. »Vi treng ekspertar».

Kvifor saboterer PCP den antifascistiske kampen så ivrig? Svaret er enkelt: dei forsvarar dimed klassebrørne sine. I eit framtidig sosialfascistisk diktatur vil den nye herskarklassa trenge «ekspertar»: Det er ikkje den borgarlege klassekarakteren som endrast, og då er det framleis rom for dei som tente fascismen før.

Resultatet av PCP si line er for det første at det gamle, fascistiske *statsapparatet* er så godt som intakt. Berre ein og annan serleg kompromittert embetsmann er sett utanfor – nokre hundre alt i alt. Vidare har den gamle fascismen fått så godt som fritt spelerom til å reorganisere seg og drive politisk oppbygging. At desse reaksjonære no mobiliserer mot PCP, provar berre at det både er einskap og kamp i tilhøvet mellom dei og sosialfascistane.

KAMPEN PÅ ARBEIDSPLOSSANE

Frå eit lågmål under fascismen har arbeidarklassa i Portugal vunne opp til ein relativt høg grad av kamporganisering på eitt år. Framleis er kampen mykje prega av lokale tilhøve på kvar arbeidsstad, men serleg sympatiaksjonar syner at klassemedvitet i arbeidarklassa veks. Dei viktigaste kampsakene for arbeidarane har vore 1) løns- og arbeidsvilkårkrav, 2) kamp mot permitteringar og nedleggingar, 3) «sanering», dvs. avsetjing av fascistiske arbeidsleiarar.

På alle desse sakene har arbeidarane slått ikkje berre mot arbeidsgjevarane, men og mot revisjonistane. Lista over streikar PCP har motarbeidd, sabotert, bakvaska, torpedert og svike er langt som eit vondt år, og metodane er varierte.

Sabotasje og vold mot arbeidarar i kamp

Under den landsomfattande post- og telegrafstreiken i fjor sumar organiserte PCP mange stader militant forsvar av

streikebrytarar. Dei bakvaska streikekomiteen, og sa mellom anna at det sit «Pide-folk i komiteen». På denne skuldninga svara streikekomiteen at ingen kunne garantere at det ikkje sat agentar der. Men dersom PCP *visste* om nokre slike, var det svart reaksjonært å ikkje seie kven det var, slik at dei kunne hivast ut. PCP svara aldri på dette.

Under streiken ved flygeselskapet TAP (alle tilsette) freista PCP å arbeide gjennom ein parallell streikekomitee som arbeidarane forkasta.

Ein metode revisjonistane ofte tar i bruk er møteforstyrring: organiserte opplegg for å skape fullt kaos på arbeidarane sine møte. Dei tar og i bruk fysisk makt for å fjerne valde, kampvillige leiarar. Her finst det ei lang rad tilfelle, frå oppjuling i mørke smug, til mobilisering av militære styrkar for å ta over fagforeiningar som ikkje elles frivillig gav seg revisjonismen i vald. Dette skjedde m.a. i den store kjemiske fagforeininga i Lisboa.

Attom slike opne, fascistiske provokasjonar mot arbeidarklassa ligg det sjølsagt ei politisk *line*. Det er ikkje enkelttilfelle. Mange protugisiske arbeidarar og revolusjonære tar først no til å skjønne at det ikkje er tale om «roten kader», «pampar», «overløparar» osv. – men om sjølve *grunnlina* til eit *borgarleg arbeidarparti*.

Når t.d. Kontrast (nr. 49 – 7/74) innrømmer saksforholdet, at PCP går mot arbeidarane sin kamp, men legg til «Et vanskelig dilemma (for PCP) ligger i motsetningen mellom den ansvarlighet strategien krever – og nødvendigheten av samtidig å føre en klar arbeiderpolitikk med vekt på massemobilisering.» – ja, så er dette ei grov forfalsking av sanninga. Poenget er at sabotasjen av massekampen ikkje er eit «vanskelig dilemma», men sjølve *generallina* i PCP sin borgarlege politikk, som ho er det i alle revisjonistparti.



Arbeidarane i Kjemisk Fagforeining i Lisboa måtte slåst to gonger i vår mot PCP-mobb som freista å ta lokala deira med vald av di dei ikkje fekk kjemiskarbeidarane på si line. Tredje gongen sende PCP COPCON, sjokkpolitiet, og i dag har revisjonistane makta i foreininga.

